

Høyringsnotat

**Forslag til endringar i husbanklova
(handsaming av personopplysningar)**

og

**forslag til forskrift til husbanklova
(handsaming av personopplysningar)**

Saksnummer 26/2309

1	Innleiing	4
2	Bakgrunn	5
2.1	Forvaltningsansvaret og den nasjonale kunnskapsrolla til Husbanken	5
2.2	Låne- og tilskotsordningane til Husbanken	6
2.2.1	Startlån	6
2.2.2	Gjeldsregisteret.....	7
2.3	Kommunale tilskot til etablering og tilpassing.....	7
2.4	Kommunalt disponerte utleigebustader	8
3	Personvernforordninga.....	10
3.1	Innleiing.....	10
3.2	Grunnprinsipp	10
3.3	Krav om handsamingsgrunnlag.....	11
3.4	Handsaming av særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffedommar og lovbrøt	12
3.5	Vidarehandsaming av personopplysningar	12
4	Handsaming av personopplysningar frå låne- og tilskotsordningane til Husbanken	13
4.1	Gjeldande rett.....	13
4.1.1	Handsaming av personopplysningar etter husbanklova §§ 10 og 12	13
4.1.2	Handsaming av personopplysningar som ikkje stammar frå den kommunale sakshandsaminga.....	14
4.1.3	Gjeldsregisteret.....	14
4.2	Behovet for endring	15
4.2.1	Handsaming av personopplysningar frå startlån	15
4.2.2	Forvaltningsdata	15
4.2.3	Handsaming av personopplysningar som ikkje stammar frå den kommunale sakshandsaminga.....	17
4.2.4	Gjeldsregisteret.....	17
4.3	Vurdering og forslag frå departementet	18

4.3.1	Innleiing.....	18
4.3.2	Handsaming av personopplysningar etter husbanklova § 10.....	18
4.3.3	Handsaming av personopplysningar til forskning, statistikk og analyse m.m. etter husbanklova § 12.....	23
5	Handsaming av personopplysningar frå kommunale bustadpolitiske tilskot og kommunalt disponerte utleigebustader.....	26
5.1	Gjeldande rett.....	26
5.2	Behov for endringar.....	27
5.2.1	Kommunale bustadpolitiske tilskot.....	27
5.2.2	Kommunalt disponerte utleigebustader.....	28
5.3	Vurderingar og forslag frå departementet.....	30
5.3.1	Handsaming av personopplysningar frå kommunale bustadpolitiske verkemiddel.....	30
5.3.2	Teieplikt etter forvaltningslova.....	34
5.3.3	Teieplikt etter særlovgiving.....	35
6	Samanstilling med opplysningar frå den andre verksemda til Husbanken....	35
6.1	Gjeldande rett.....	35
6.2	Behovet for endring.....	36
6.3	Vurderingar og forslag frå departementet.....	37
7	Forskriftsheimel og forskrift.....	39
7.1	Gjeldande rett.....	39
7.2	Behovet for endringar.....	39
7.3	Vurderingar og forslag frå departementet.....	39
8	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	43
9	Lov- og forskriftsforslag.....	45
9.1	Forslag til lovendringar.....	45
9.2	Forslag til forskrift.....	46

1 Innleiing

Samfunnsoppdraget til Husbanken er å førebyggje at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, bidra til at vanskelegstilte kan skaffe og behalde ein eigna bustad, og støtte kommunane i det bustadpolitiske arbeidet deira. Husbanken er fagleg rådgivar for fleire departement og skal utarbeide gode avgjerdsgrunnlag for vidare utvikling av bustadpolitikken, i tråd med oppgåvene til Husbanken etter husbanklova, dei årlege statsbudsjetta og tildelingsbrev. For å ta dette ansvaret treng Husbanken innsikt i bustadpolitiske utfordringar, mellom anna for å kunne vurdere presisjonen i og effekten av dei økonomiske verkemidla.

Ei viktig kjelde til kunnskap er data frå dei økonomiske verkemidla som Husbanken forvaltar. For å få eit tilstrekkeleg godt kunnskapsgrunnlag må Husbanken kunne samle inn, samanstillje og analysere data på tvers av ulike bustadpolitiske verkemiddel. Å sjå statlege og kommunale verkemiddel i samanheng vil gjere kunnskapsgrunnlaget meir relevant, mellom anna data om kommunale utleigebustader, kommunalt tilskot til etablering og tilpassing, kommunal og statleg bustøtte og startlån. Dei foreslåtte endringane i husbanklova vil gi Husbanken eit klart rettsleg grunnlag for å handsame desse personopplysningane. Dette kan også omfatte handsaming av opplysningar som er knytte til kartlegging, oppfølging og vurdering av bustadbehov i tilknytning til kommunale bustadpolitiske verkemiddel, medrekna handsaming av opplysningar utanfor enkeltsaker.

Dei kommunale bustadpolitiske verkemidla omfattar både kommunale bustadpolitiske ytingar og andre verkemiddel, som kommunalt disponerte utleigebustader. For å leggje til rette for eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag er det nødvendig at regelverket gir heimel til handsaming av personopplysningar på tvers av desse verkemidla, som samla utgjer sentrale deler av det bustadsosiale arbeidet.

Samtidig er det viktig å ta hand om personvernet til dei registrerte på ein forsvarleg måte. Lov- og forskriftsforslaga er derfor utforma med strenge krav til handsaming av personopplysningar, slik at rettane og fridomane til dei registrerte blir verna i tråd med dei gjeldande personvernreglane. Husbanken vil berre handsame personopplysningar når det er nødvendig, og sikre at all datahandsaming skjer på ein trygg og transparent måte.

Lov- og forskriftsforslaget vil gi Husbanken eit solid og tydeleg rettsleg grunnlag for handsaming av personopplysningar, og det blir lagt til rette for ei meir fleksibel regulering gjennom detaljregulering i forskrift.

Forslaget gjer handsamingsgrunnlaget for handsaming av personopplysningar for låne- og tilskotsordningane til Husbanken tydelegare. Dette vil sikre at handsaminga skjer innanfor klart definerte rammer, samtidig som detaljane kan tilpassast gjennom forskrift. Vidare gir forslaget Husbanken heimel til å hente inn oppdaterte opplysningar for formåla statistikk, analyse og forskning. Dette er nødvendig for å kunne evaluere effekten av dei bustadpolitiske verkemidla og bidra til kunnskapsbasert vidareutvikling av verkemidla.

Forslaget gir også heimel til å hente inn informasjon frå gjeldsinformasjonsføretak utan vederlag. Dette er ei administrativ forenkling, fordi Husbanken og kommunane allereie har heimel til å handsame slike opplysningar, men ikkje til å få tak i dei utan kostnad.

Til slutt inneber forslaget ei utviding som gir Husbanken heimel til å handsame personopplysningar frå kommunale bustadpolitiske verkemiddel, inkludert kommunale tilskot og

kommunalt disponerte utleigebustader for formåla statistikk, analyse og forskning, og dessutan for utvikling, drift og forvaltning av IT-system. Dette vil bidra til å styrkje kunnskapsgrunnlaget og effektiviteten i både statlege og kommunale bustadpolitiske verkemiddel.

Dei foreslåtte endringane vil styrkje den nasjonale kunnskapsrolla til Husbanken, leggje til rette for meir målretta og effektive bustadpolitiske verkemiddel, og samtidig ta hand om personvernet til dei registrerte. I arbeidet med høyringsforslaget hadde Husbanken tidleg eit rettleiingsmøte med Datatilsynet.

2 Bakgrunn

2.1 Forvaltningsansvaret og den nasjonale kunnskapsrolla til Husbanken

Behovet for lovforslaget må sjåast i samanheng med samfunnsoppdraget til Husbanken om å førebyggje at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, bidra til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad, og støtte kommunane i det bustadpolitiske arbeidet deira.

For å følgje opp samfunnsoppdraget er det også nødvendig å forbetre kunnskapsgrunnlaget for å utvikle meir treffsikre verkemiddel, i tillegg til å styrkje opplæringa, rettleiinga og rådgivinga til kommunane.

Vidare skal Husbanken ha ei nasjonal fagrolle for leigemarknaden, noko som inneber at Husbanken skal sikre solid, relevant og heilskapleg kunnskap om leigemarknaden, der juridiske og økonomiske verkemiddel skal sjåast i samanheng. Dette inneber å samle inn, analysere og dele kunnskap om bustadmarknaden, slik at både statlege og kommunale verkemiddel kan utviklast og tilpassast for å treffe målgruppene betre. Husbanken er også fagleg rådgivar for fleire departement og skal utarbeide gode avgjerdsgrunnlag for vidare utvikling av bustadpolitikken.

Som det sentrale statlege organet for gjennomføring av bustadpolitikken spelar Husbanken ei nøkkelrolle i å støtte kommunar, departement, byggjebransjen og andre relevante aktørar. Gjennom økonomiske verkemiddel, kunnskapsutvikling og kompetanseoverføring bidreg Husbanken til å utvikle, setje i verk og følgje opp bustadpolitiske tiltak.

Husbanken forvaltar ei rekkje økonomiske ordningar, inkludert bustøtte, startlån, tilskot til etablering og tilpassing i distriktskommunar, investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsbustader, lån til utleigebustader, studentbustader og oppføring og oppgradering av bustader med krav til bustadkvalitetar innanfor miljø og tilgjenge.

Dei kommunale bustadpolitiske verkemidla omfattar både kommunale bustadpolitiske ytingar, som tilskot og kommunal bustøtte, og verkemiddel som kommunalt disponerte utleigebustader. I praksis inngår desse verkemidla i ein samla bustadsosial innsats i kommunane, der ulike verkemiddel ofte blir nytta i samanheng, inkludert rådgiving og andre ikkje-økonomiske tiltak.

For å ta hand om rolla si har Husbanken behov for tilgang til oppdaterte og relevante opplysningar om søkjarar og bruken av dei bustadpolitiske verkemidla (forvaltningsdata). Desse opplysningane blir nytta til statistikk, analyse, forskning og utvikling og drift av IT-system som kommunane og Husbanken nyttar. For å kunne sjå effekten av dei ulike verkemidla som skal bidra til at fleire vanskelegstilte får høve til å skaffe seg sin eigen bustad som er eigna, må Husbanken kunne samle inn, samanstillje og analysere data på tvers av dei ulike verkemidla sine og sjå statlege og

kommunale verkemiddel i samanheng. Slike data gjer det mogleg for Husbanken å gjennomføre grundige analysar og evalueringar, noko som medverkar til at verkemidla til kvar tid blir meir treffsikre og tilpassa behova til befolkninga.

2.2 Låne- og tilskotsordningane til Husbanken

2.2.1 Startlån

Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg og behalde ein eigen bustad. Husbanken låner ut midlar til kommunane, som deretter låner midlane ut til privatpersonar.

Startlånet blir tildelt privatpersonar etter ei behovsprøving. Barnefamiliar og personar med utviklingshemming er prioriterte målgrupper innanfor ordninga. Eldre som har behov for å kjøpe ein meir tilrettelagd bustad eller tilpasse bustaden for å kunne bu heime lenger, kan også få startlån. Kommunar kan også bruke startlån til å tiltrekkje seg eller behalde arbeidskraft eller for å bidra til ei betre utnytting av kommunalt disponerte utleigebustader. Startlånet kan bidra til at personar som står i fare for å miste bustaden sin, kan refinansiere dyre lån med startlån slik at dei kan behalde bustaden. Startlån kan bidra til at husstandar med barn, eller med særleg sosiale eller helsemessige utfordringar, får ein tryggare og meir stabil busituasjon. Husbanken har ansvar for å gi rettleiing og støtte til kommunane i arbeidet med startlån.

Heimelen til kommunane til å handsame personopplysningar for å forvalte startlån følgjer av husbanklova § 10 andre ledd, og forvaltningsdata er omfatta av § 10 første ledd bokstav d, som handlar om «andre opplysningar om økonomiske tilhøve». Husbanklova § 12, jf. § 10 gir dermed Husbanken heimel til å handsame forvaltningsdata om startlån til statistikk-, analyse- og forskingsformål.

Viktige forvaltningsdata er mellom anna opplysningar om uteståande hovudstol for startlånporteføljen, rente og nedbetalingsvilkår på låna, kva for startlån som er høvesvis aktive og innløyste, betalingsutfordringar på lån, kva for startlån som har ført til tvangssal, m.m. I tillegg er informasjon om situasjonen til låntakarane etter at lånet er oppsagt eller innfridd, sentralt for å forstå korleis ordninga fungerer i praksis. I dag nyttar om lag 80 prosent av alle kommunar Intrum til å forvalte startlånet. Dei andre kommunane forvaltar lånet sjølve eller har sett det ut til andre låneforvaltarar. Forvaltningsdata må derfor anten skaffast til vegar ved at kommunane deler opplysningane direkte med Husbanken, eller ved at låneforvaltaren til kommunen deler opplysningane på vegner av kommunen.

I husbanklova § 12 første ledd andre punktum har *kommunane* i dag heimel til å gi forvaltningsdata til Husbanken, men i kor stor grad heimelen også gir *Husbanken* rett til å hente inn forvaltningsdataa på heile porteføljen frå kommunane, utan å måtte hente inn samtykke frå kvar enkelt kommune, er uklart. Det at dette er uklart, har ført til at Husbanken i dag hentar inn samtykke frå utvalde kommunar for å få tilgang til desse opplysningane, noko som gjer prosessen ineffektiv og ikkje gir oversikt over heile startlånporteføljen.

Husbanken har allereie heimel til å handsame personopplysningar frå søknader om startlån til statistikk-, analyse- og forskingsformål i husbanklova § 12, jf. § 10. Føresegnene gir Husbanken tilgang til å handsame nødvendige opplysningar kommunane har henta inn i samband med sakshandsaming og forvaltning av startlån. Likevel dekkjer ikkje regelverket fullt ut behovet for å

hente inn oppdaterte opplysningar til statistikk-, analyse- og forskingsformål. Behovet for oppdaterte opplysningar gjeld mellom anna opplysningar om lånet framleis er aktivt, vilkår på lånet, om låntakaren framleis eig bustad, talet på husstandsmedlemmer, inntekt og folkeregistrert adresse, til bruk i statistikk, forskning og analyse. Oppdaterte opplysningar er viktig for å kunne gjere rette analysar og få innsikt i korleis det går med startlåntakarar.

Tilgang til opplysningane som er nemnde ovanfor, er avgjerande for å kunne utarbeide statistikk og utføre analysar, slik at ein sikrar at startlåna blir forvalta på den måten dei er meinte til, og for å utvikle treffsikre verkemiddel. Ein slik tilgang vil også bidra til at Husbanken kan identifisere trendar i bustadmarknaden og få nødvendig kunnskap til å forbetre og tilpasse startlånsordninga, slik at ho kan møte skiftande behov i samfunnet. Formålet med lovforslaget er å gi Husbanken det nødvendige rettslege grunnlaget for å bruke oppdaterte opplysningar og forvaltningsopplysningar på ein måte som kan bidra til å styrkje og utvikle startlånsordninga.

Startskudd er eit sakshandsamingssystem som er utvikla av og blir drifta av Husbanken. Det er obligatorisk for kommunen å sakshandsame startlånsøknadene i Startskudd. Husbanken og kommunane har delt handsamingsansvar: Husbanken er handsamingsansvarleg for sjølve lånesøknaden, mens kommunane er handsamingsansvarlege for sakshandsaminga og forvaltninga av lånet. Når kommunane er handsamingsansvarleg, er Husbanken datahandsamar.

2.2.2 Gjeldsregisteret

Husbanken og kommunane må etter finansavtalelova § 5-2 andre ledd gjennomføre kredittvurderingar som inkluderer innhenting av opplysningar om både pantesikra og usikra gjeld. Husbanklova § 10 gir Husbanken og kommunen heimel til å hente inn opplysningar om gjeld, men det er ei avgrensing i tredje ledd som definerer kva for føretak og register som er pålagde å utlevere desse opplysningane utan godtgjering. Sidan «gjeldsregister» ikkje er inkludert i denne lista, fører dette til at opplysningane må hentast inn mot vederlag.

Husbanken og kommunane har i dag heimel til å hente inn opplysningar frå gjeldsinformasjonsføretak i samsvar med gjeldsinformasjonslova § 12, men kan ikkje gjere dette utan vederlag, slik som med andre kjelder som er nemnde i husbanklova § 10. For å sikre at Husbanken og kommunane kan hente inn gjeldsopplysningar kostnadsfritt, i samsvar med gjeldsinformasjonslova § 14, er det behov for ein særheimel i husbanklova som eksplisitt inkluderer gjeldsinformasjonsføretak. Dette vil gjere det mogleg med effektiv og økonomisk forsvarleg handtering av kredittvurderingar, både ved handsaming av lånesøknader, i forvaltningsfasen og ved søknader om endring av vilkår, som debitorskifte.

Husbanken og kommunane har i dag eit stort behov for slike opplysningar for å kunne gi rette avgjerdsgrunnlag og sikre at kredittvurderingane er oppdaterte, særleg i ei tid med aukande økonomiske utfordringar for låntakarar. Ei endring av husbanklova vil også bidra til å oppfylle krava i finansavtalelova på ein meir effektiv måte.

2.3 Kommunale tilskot til etablering og tilpassing

Kommunale tilskot til etablering og tilskot til tilpassing er kommunale verkemiddel som kommunen kan tilby innbyggjarane sine. Kommunen pliktar å ta imot søknader om tilskot, men ikkje å tilby slike tilskot.

Tilskot til etablering skal bidra til at vanskelegstilte hushald kan etablere seg i eigen bustad. Tilskotet kan brukast til å kjøpe, oppføre eller refinansiere eigen bustad. Tilskotet kan også bli gitt til å utbetre ein nyinnkjøpt bruktbustad slik at han oppfyller nødvendige krav til funksjonalitet og tryggleik. Dette tilskotet kan gå til personar med låg inntekt som ikkje klarer å etablere seg på bustadmarknaden utan økonomisk støtte. Tilskotet er personretta og strengt økonomisk behovsprøvd, med særleg vekt på om dei økonomiske problema til husstanden er av langvarig karakter. For personar med låg inntekt og vanskar med å betene eit lån kan tilskot til etablering saman med startlån gjere det mogleg å kjøpe eller behalde ein bustad.

Tilskot til tilpassing skal hjelpe personar med spesielle bustadbehov å tilpasse bustaden slik at han blir betre eigna for deira situasjon. Tilskotet kan gå til personar eller husstandar som treng å tilpasse bustaden sin for å dekkje spesifikke behov, til dømes i samband med funksjonsnedsetjing eller aldersrelaterte utfordringar. Tilskotet kan brukast til å dekkje kostnader til ombygging, installering av hjelpemiddel eller andre nødvendige tilpassingar som gjer bustaden meir funksjonell og trygg.

Ansvaret for tilskotsordningane til etablering og tilpassing blei overført frå Husbanken til kommunane i 2020 som ein del av kommunereforma. Den statlege ordninga blei avvikla og midlane lagde inn i kommuneramma. Føresegner om tilskota blei tekne inn i bustøttelova, som deretter blei døypt om til «lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot».

Sidan tilskot til etablering og tilpassing er kommunale ordningar, har kommunane handsamingsansvaret, medan Husbanken fungerer som datahandsamar for dei tilskota som blir handsama i Startskudd. Dette vil seie at kommunane har det overordna ansvaret for korleis personopplysingane blir handsama, mens Husbanken sikrar at opplysningane blir handterte i samsvar med dei gjeldande personvernreglane. Det er ikkje obligatorisk for kommunane å handsame tilskot i Startskudd, slik det er for startlån, så det blir også handsama tilskot i kommunen sine egne system. Konsekvensen er at Husbanken i dag ikkje veit kor mange tilskot som blir gitt, kor mange lån som er gitt med tilskot, og korleis tilskotet verkar i kombinasjon med startlånet, på ein tilstrekkeleg god eller sikker måte.

2.4 Kommunalt disponerte utleigebustader

Kommunalt disponerte utleigebustader er eit sentralt verkemiddel i arbeidet kommunane gjer med å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Ifølgje definisjonen til Statistisk sentralbyrå (SSB) i KOSTRA er dette bustader som kommunane disponerer til utleige. Omsorgsbustader blir også rekna som kommunalt disponerte bustader, men ikkje institusjonar og andre butilbod der det ikkje blir inngått leigeavtale. Kommunalt disponerte bustader omfattar også nokre tenestebustader. Ifølgje førebelse KOSTRA-tal for 2025 var det ved utgangen av året om lag 116 457 kommunalt disponerte bustader i Noreg. Kommunane eigde sjølv 73 prosent av bustadene, mens dei andre var innleigde frå andre eller privat eigde bustader som kommunane har tildelings-/tilvisingsrett til. Dei kommunalt disponerte bustadene er i stor grad bygde med støtte frå Husbanken.

Kommunane avgjer i utgangspunktet sjølve korleis dei disponerer kommunale bustader. Det vanlege er at kommunane tildeler bustadene etter søknad, og etter kommunalt bestemte kriterium og behovsprøving. Er det gitt lån og/eller tilskot frå Husbanken til bustaden, vil det vere visse krav og føresegner til bruken. Dette er tilbod som er spesielt retta mot personar og hushald som har

utfordringar med å få tilgang til bustad i den ordinære bustadmarknaden, og som derfor er avhengige av offentleg støtte for å sikre eit stabilt og trygt butilbod.

Målgruppa for kommunale utleigebustader inkluderer mellom anna husstandar med låg inntekt, flyktningar, personar med funksjonsnedsetjingar, utviklingshemma, eldre med behov for tilrettelagd bustad, og dessutan personar med rusproblem eller psykiske helseutfordringar. Enkelte kommunar, særleg i distrikta, nyttar også bustader til personell som er tilsett i kommunen.

Regjeringa har i bustadmeldinga (Meld. St. 13 (2023–2024)) uttrykt eit mål om å styrkje kunnskapsgrunnlaget for det bustadsosiale arbeidet, og særleg med omsyn til kommunal planlegging og framtidige bustadbehov. Det er viktig å kartleggje og forstå korleis dei kommunale bustadene bidreg til å sikre at vanskelegstilte grupper får eit eigna stabilt butilbod, og kva for utfordringar som kan oppstå i forvaltninga av desse bustadene. Etter lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet § 5 skal kommunen ha ei oversikt over behovet for både ordinære og tilpassa bustader for vanskelegstilte på bustadmarknaden, noko som krev data lokalt og moglegheiter til å samanlikne seg med andre kommunar.

Kunnskapsbehovet for Husbanken gjeld primært data om sjølve bustadmassen og om dei husstandane som søker og blir tildelte kommunal bustad. På samanstilt nivå rapporterer kommunane i dag i KOSTRA til SSB på eit mindre utval variablar som talet på bustader, søknader og tildelingar på målgrupper. Dette gir noko informasjon, men han er avgrensa og ikkje tilstrekkeleg til å dekkje kunnskapsbehovet. Mange kommunar har teke i bruk systemet Kobo, som er utvikla og drifta av Husbanken. I denne samanhengen er kommunane handsamingsansvarlege, mens Husbanken fungerer som datahandsamar.

Husbanken har i dag ikkje eigne heimlar til å bruke opplysningane frå kommunale utleigebustader til forskning, statistikk og analyse, eller til utvikling, test og drift av IT-system. Det er også behov for heimlar til å utveksle data med SSB til statistikk- og forskingsformål og til forskingsinstitusjonar for forskingsoppdrag. Lovforslaget er meint å gi Husbanken det nødvendige rettslege grunnlaget for å bruke opplysningar om kommunalt disponerte bustader, uavhengig av kva system som blir nytta i kommunane, på ein måte som kan bidra til å styrkje det bustadsosiale arbeidet, både for kommunane og for å dekkje det nasjonale kunnskapsbehovet. Når det gjeld vidare utlevering av opplysningar til forskning, statistikk eller analyse, vil Husbanken framleis måtte gjere ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle med omsyn til om den planlagde vidare bruken av opplysningane er innanfor formålet til Husbanken. Eigne heimlar for handsaming av personopplysningar til dette formålet i husbanklova vil likevel gi eit betre og meir direkte grunnlag for vurderingane.

Dataa Husbanken har behov for å handsame, er for det første opplysningar om bustadene, som bustadtype, storleik, antal rom, utstyr, standard og husleige. Andre data vil vere knytte til søknader og tildeling av bustad, og kjenneteikn ved søkerar som husstandstype, alder, busituasjon og målgruppe. Husbanken har i tillegg behov for å kunne identifisere kvar enkelt husstand for å kunne strukturere rådata til bruk i statistikk og til analysar.

3 Personvernforordninga

3.1 Innleiing

Personvernforordninga er innlemma i EØS-avtalen og gjord til norsk rett gjennom lov 15. juni 2018 nr. 38 om handsaming av personopplysningar (personopplysningslova).

Personvernforordninga skal verne dei grunnleggjande rettane og fridomme til fysiske personar ved handsaming av personopplysningar, samtidig som ho skal sikre fri flyt av personopplysningar mellom medlemsstatane. Personopplysningar er i forordninga definerte som alle opplysningar om ein identifisert eller identifiserbar fysisk person, jf. personvernforordninga artikkel 4 nr. 1. Alle former for handsaming av personopplysningar er omfatta av forordninga. Med «handsaming» meiner ein alle operasjonar eller rekkjer av operasjonar som blir gjorde med personopplysningar, anten dei er automatiserte eller ikkje, jf. forordninga artikkel 4 nr. 2. Typiske døme på handsaming er innsamling, registrering, lagring, tilpassing, endring, attfinning, bruk, utlevering, samanstilling eller samkøying og sletting. Personvernforordninga stiller mellom anna opp grunnleggjande prinsipp og vilkår for handsaming av personopplysningar. Den handsamingsansvarlege har ansvaret for at dei grunnleggjande prinsippa og vilkåra er oppfylte til kvar tid.

3.2 Grunnprinsipp

Personvernforordninga artikkel 5 stiller opp dei grunnleggjande prinsippa for handsaming av personopplysningar. Prinsippa definerer rammer og krav som må følgjast ved all handsaming av personopplysningar. Den handsamingsansvarlege skal kunne dokumentere at desse prinsippa blir haldne (ansvarsprinsippet), jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 2.

Personopplysningar skal handsamast på ein lovleg, rettferdig og open måte med omsyn til den registrerte, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav a. Dette blir omtalt som prinsippet om lovleg, rettferdig og open handsaming. Prinsippet inneber mellom anna at den handsamingsansvarlege må sørge for at handsaminga har tilstrekkeleg handsamingsgrunnlag i tråd med personvernforordninga artikkel 6.

Formålsavgrensingsprinsippet inneber at personopplysningar skal samlast inn for spesifikke, uttrykkjeleg definerte og rettmessige formål og ikkje vidarehandsamast på ein måte som ligg utanfor desse formåla, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Denne føresegna slår fast at vidarehandsaming for arkivformål i allmenta si interesse, for formål som er knytte til vitenskapleg eller historisk forskning eller for statistiske formål ikkje skal reknast for å liggje utanfor dei opphavlege formåla, med mindre handsaminga skjer i samsvar med artikkel 89 nr. 1.

Vidare skal personopplysningar vere adekvate, relevante og avgrensa til det som er nødvendig for formåla dei blir handsama for, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav c. Dette blir gjerne omtalt som dataminimeringsprinsippet.

Prinsippet om rette opplysningar, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav d, inneber for det første at personopplysningar skal vere korrekte og om nødvendig oppdaterte. For det andre må ein setje i verk alle rimelege tiltak for å sikre at personopplysningar som er ukorrekte med omsyn til formåla dei blir handsama for, utan opphald blir sletta eller retta.

Lagringsprinsippet inneber at personopplysningar skal lagrast slik at det ikkje er mogleg å identifisere dei registrerte i lengre periodar enn det som er nødvendig for formåla som

personopplysningane blir handsama for, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav e. Vidare kan personopplysningar lagrast i lengre periodar dersom dei berre vil bli handsama for arkivformål i allmenta si interesse, for formål som er knytte til vitenskapleg eller historisk forskning eller for statistiske formål, i samsvar med personvernforordninga artikkel 89 nr. 1, så sant det blir gjennomført eigna tekniske og organisatoriske tiltak som krevst etter personvernforordninga for å sikre rettane og fridommane til dei registrerte.

Personopplysningar skal dessutan handsamast på ein måte som sikrar tilstrekkeleg tryggleik for personopplysningane, medrekna vern mot uautorisert eller ulovleg handsaming og mot utilsikta tap, øydelegging eller skade, ved bruk av eigna tekniske eller organisatoriske tiltak, jf. personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav f. Dette kan omtalast som prinsippet om integritet og konfidensialitet.

3.3 Krav om handsamingsgrunnlag

For å kunne handsame personopplysningar lovleg krevst det eit handsamingsgrunnlag. Før ein set i verk ei handsaming av personopplysningar, må det identifiserast og liggje føre eit handsamingsgrunnlag. Det finst seks alternative handsamingsgrunnlag, og dei er definerte i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav a til f. Når Husbanken skal handsame personopplysningar, vil det relevante handsamingsgrunnlaget vere personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e. Føresegna gir grunnlag for å handsame personopplysningar når «handsamingen er nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet som den handsamingsansvarlige er pålagt». Handsaminga kan berre finne stad i den grad ho er nødvendig for å utføre ei slik oppgave eller utøve slik offentlig myndighet.

For å støtte seg på handsamingsgrunnlaget i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e krevst det eit såkalla supplerande rettsgrunnlag. Det følgjer av personvernforordninga artikkel 6 nr. 3 at grunnlaget for handsaminga som er nemnd i bokstav e, skal fastsetjast i unionsretten eller den nasjonale retten i medlemsstaten som den handsamingsansvarlege er underlagd. Når det gjeld handsaminga som er nemnd i nr. 1 bokstav e, skal handsaminga vere nødvendig for å utføre ei oppgave i allmenta si interesse eller utøve offentlig myndighet som den handsamingsansvarlege er pålagd. Unionsretten eller den nasjonale retten i medlemsstatane skal oppfylle eit mål i allmenta si interesse og stå i eit rimeleg forhold til det rettmessige målet ein søkjer å oppnå.

I forarbeida til personopplysningslova uttalar Justis- og beredskapsdepartementet at når det gjeld dei formelle krava til supplerande rettsgrunnlag, må det, slik departementet ser det, «legges til grunn at i alle fall lov- og forskriftsbestemmelser kan utgjøre supplerende rettsgrunnlag. Departementet antar at også vedtak fattet i medhold av lov eller forskrift omfattes, ettersom det også i disse tilfellene foreligger et lov- eller forskriftsgrunnlag», sjå Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.3.2. Same stad i forarbeida skriv departementet følgjande om krav til innhaldet i det supplerande rettsgrunnlaget: «For handsaming etter bokstav e kreves det etter ordlyden kun at formålet med handsamingen skal være nødvendig for å utføre en oppgave i allmennhetens interesse eller utøve offentlig myndighet, noe som kun er en gjentakelse av ordlyden i bokstav e. Det synes derfor å være tilstrekkelig etter ordlyden at det supplerende rettsgrunnlaget gir grunnlag for å utøve myndighet eller å utføre en oppgave i allmennhetens interesse, og at det er nødvendig for den handsamingsansvarlige å handsame personopplysninger for å utøve myndigheten eller utføre oppgaven som følger av det supplerende rettsgrunnlaget.»

I forarbeida til personopplysningslova blir det også lagt til grunn at kravet til supplerande rettsgrunnlag må tolkast i lys av EMK artikkel 8 og Grunnlova § 102, og dessutan legalitetsprinsippet i Grunnlova § 113, sjå Prop. 56 LS (2017–2018) punkt 6.4. Avhengig av kor inngripande handsaminga av personopplysningar er, og omstenda elles, kan Grunnlova og EMK stille strengare krav til det supplerande rettsgrunnlaget enn det som følgjer av personvernforordninga artikkel 6 nr. 3. Om det supplerande rettsgrunnlaget er tilstrekkeleg for ei bestemt handsaming, kan ikkje svarast på generelt, men må vurderast konkret.

3.4 Handsaming av særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffedommar og lovbrøt

Handsaming av særlege kategoriar av personopplysningar, som definert i personvernforordninga artikkel 9 nr. 1, er i utgangspunktet forbode. Slike opplysningar kan likevel handsamast dersom eit av unntaka i artikkel 9 nr. 2 er oppfylt. For Husbanken vil eit relevant unntak kunne vere artikkel 9 nr. 2 bokstav g, som handlar om handsaming som er «nødvendig av hensyn til viktige allmenne interesser, på grunnlag av unionsretten eller medlemsstatenes nasjonale rett som skal stå i et rimelig forhold til det mål som søkes oppnådd, være forenlig med det grunnleggende innholdet i retten til vern av personopplysninger og sikre egnede og særlige tiltak for å verne den registrertes grunnleggende rettigheter og interesser».

Handsaming av personopplysningar om straffedommar og lovbrøt eller tilknytte tryggingstiltak på grunnlag av artikkel 6 nr. 1 skal berre utførast under kontroll av ei offentleg myndigheit eller dersom handsaminga er tillaten etter unionsretten eller den nasjonale retten (i medlemsstatane) som sikrar nødvendige garantiar for rettane og fridommane til dei registrerte, jf. personvernforordninga artikkel 10.

3.5 Vidarehandsaming av personopplysningar

Slik det tidlegare er gjort greie for, inneber formålsavgrensingsprinsippet at personopplysningar skal samlast inn for spesifikke, uttrykkjeleg definerte og rettmessige formål og ikkje vidarehandsamast på ein måte som ligg utanfor desse formåla. Det blir altså stilt opp eit forbod mot vidarehandsaming som ligg utanfor formåla. I tråd med personvernforordninga artikkel 6 nr. 4 kan personopplysningar likevel handsamast for formål som ligg utanfor dei opphavlege formåla dersom vidarehandsaminga «bygger på den registrertes samtykke eller på unionsretten eller medlemsstatenes nasjonale rett som utgjør et nødvendig og forholdsmessig tiltak i et demokratisk samfunn for å sikre oppnåelse av målene nevnt i artikkel 23 nr. 1». Det må altså liggje føre eit særskilt rettsgrunnlag for sjølve vidarehandsaminga.

Personopplysningslova §§ 8 og 9 stiller opp særnorske reglar for handsaming av personopplysningar for arkivformål i allmenta si interesse, formål som er knytte til vitenskapleg eller historisk forskning eller statistiske formål. Paragraf 9 handlar om særlege kategoriar av personopplysningar. Føresegna gjeld også tilsvarande for handsaming av opplysningar om straffedommar og lovbrøt, jf. personopplysningslova § 11 første ledd. Personopplysningslova §§ 8 og 9 handlar berre om handsaming for arkiv-, statistikk- eller forskingsformål, og ikkje til dømes handsaming for analyseformål.

4 Handsaming av personopplysningar frå låne- og tilskotsordningane til Husbanken

4.1 Gjeldande rett

4.1.1 Handsaming av personopplysningar etter husbanklova §§ 10 og 12

Husbanken si handsaming av personopplysningar er uttrykkjeleg regulert i husbanklova §§ 10 til 12. Husbanklova § 10 handlar om handsaming av personopplysningar i samband med låne- og tilskotsordningane til Husbanken. Etter det første leddet i føresegna kan Husbanken og kommunane utan hinder av teieplikt hente inn nærmare opplista kategoriar av opplysningar når det er nødvendig for sakshandsaminga. I andre ledd blir det definert at opplysningane som er nemnde i første ledd, også kan samlast inn og handsamast når det er nødvendig for forvaltning av tildelte tilskot og lån. Tredje og fjerde ledd regulerer høvesvis opplysningskjelder og innhenting av samtykke til innsamling av helseopplysningar. Det femte leddet i føresegna pålegg Husbanken og kommunane ei opplysningsplikt. Sjette ledd slår fast at opplysningane som er nemnde i første ledd skal givast utan godtgjering. I sjuande ledd blir det presisert at det også kan samlast inn og handsamast nødvendige opplysningar om ektefellen eller sambuaren til søkjaren og heimebuande barn eller andre husstandsmedlemmer. Siste ledd gir departementet heimel til å gi forskrift om tilgangen Husbanken og kommunane har til å hente inn og handsame personopplysningar.

Husbanklova § 11 handlar om kontroll av personopplysningar ved mistanke om utbetaling på feil grunnlag. Første ledd gir Husbanken og kommunane heimel til å påleggje søkjaren å gi opplysningar når det er rimeleg grunn til å undersøkje om det har skjedd utbetalningar på urettmessig grunnlag. Andre ledd regulerer tilgangen Husbanken og kommunane har til å hente inn oppdaterte opplysningar og kontrollere opplysningane som er nemnde i husbanklova § 10 når det er rimeleg grunn til å undersøkje om det har skjedd utbetalningar på urettmessig grunnlag. Føresegna regulerer også innhenting av opplysningar om helseforhold utan samtykke, innhenting av opplysningar utan hinder av teieplikt og dessutan godtgjering til helsepersonell som blir pålagt å gi opplysningar. Siste ledd pålegg Husbanken og kommunane ei opplysningsplikt.

Husbanklova § 12 handlar om handsaming av personopplysningar for statistikk, analyse, forskning og retting av feil m.m. Etter første ledd kan Husbanken handsame personopplysningar «som er nemnde i § 10» når det er nødvendig for å utarbeide statistikk og analyse. Føresegna opnar altså berre for å nytte personopplysningar som allereie er samla inn og handsama for formåla som er nemnde i husbanklova § 10. Det er dermed ikkje høve til å hente inn andre opplysningar eller oppdaterte opplysningar til statistikk-, analyse-, forskingsformål.

Husbanklova § 12 andre ledd gir heimel for at Husbanken kan lagre opplysningane som er nemnde i § 10, til seinare bruk i forskning, og gir også departementet heimel til nærmare regulering av utlevering av personopplysningar frå Husbanken til bruk i forskning i samsvar med forvaltningslova § 13 d. Siste ledd regulerer tilgangen Husbanken har til å bruke personopplysningane som er nemnde i § 10, når det er nødvendig for testing, feilsøking og feilretting av dei digitale sakshandsamingssystema til Husbanken, og gir departementet heimel til å regulere handsaminga av personopplysningar i samband med testing, feilsøking og feilretting nærmare i forskrift.

4.1.2 Handsaming av personopplysningar som ikkje stammar frå den kommunale sakshandsaminga

Opplysningar frå folkeregisteret

Husbanken og kommunane har i dag heimel i husbanklova § 10 til å få utlevert teiepliktige opplysningar frå folkeregisteret når det er nødvendig for sakshandsaminga. Av opplysningar frå folkeregisteret er det i utgangspunktet berre opplysningar om fødselsnummer, d-nummer og folkeregistrert adresse Husbanken har behov for å få utlevert. Dette er ikkje teiepliktige opplysningar etter folkeregisterlova § 9-1. Det er likevel visse avgrensingar på utlevering av slike opplysningar, men i eigenskap av å vere eit offentleg organ kan Husbanken få tilgang til slike opplysningar etter folkeregisterlova § 10-1 første ledd.

Dersom ein person har adressesperre, vil desse opplysningane likevel vere teiepliktige, jf. folkeregisterlova § 10-2 og § 10-4. Departementet legg til grunn at Husbanken også kan få tilgang til teiepliktige opplysningar så langt opplysningane fell inn under formålsopplysninga i folkeregisterlova § 1-2 tredje setning, det vil seie at opplysningane skal brukast til «myndighetsoppgaver og offentlig forvaltning, forskning, statistikk og til å ivareta grunnleggende samfunnsbehov». Ettersom slik informasjonsflyt fell inn under oppgåvene til folkeregisterstyresmakta etter lov, er tilgang for Husbanken tillate etter forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5.

Opplysningar om inntekt, formue og gjeld

Husbanken har behov for å få utlevert opplysningar om inntekta, formuen og gjelda til husstanden. Husbanklova § 10 første ledd regulerer innhenting utan hinder av teieplikt. Etter tredje ledd kan innhenting skje mellom anna frå skatteetaten. Utlevering av opplysningar frå skatteetaten skjer i dag med heimel i skatteforvaltningsforskrifta § 3-3-1 andre ledd bokstav h om utlevering «til offentlege myndigheter ifølge lovbestemmelser som fastsetter eller klart forutsetter at taushetsplikten ikke skal være til hinder for å gi opplysningene».

Opplysningar frå Eigedomsregisteret

Opplysningar i matrikkelen er opne for innsyn, jf. matrikkellova § 29 første ledd, og etter § 30 første ledd bokstav a kan matrikkelopplysningar utleverast for offentleg planlegging, sakshandsaming og administrasjon, jf. også forskrift om utlevering, viderebruk og annen handsaming av opplysningar fra grunnboken og matrikkelen. Husbanken kan derfor få tilgang til opplysningar i Eigedomsregisteret.

Dersom ein person har adressesperre, vil ikkje namnet vere synleg i grunnboka. Departementet legg til grunn at det utover dette ikkje vil vere teiepliktige opplysningar i Eigedomsregisteret. Det er derfor ikkje nødvendig for utlevering at vilkåra i forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5 er oppfylte, eller at utleveringsreglane i matrikkellova eksplisitt heimlar utlevering også av teiepliktige opplysningar, jf. forvaltningslova § 13 f andre ledd.

4.1.3 Gjeldsregisteret

I finansavtalelova (lov 2020-12-18-146), som tredde i kraft 1. januar 2023, blir det stilt krav om at kredittytarar må hente inn opplysningar om gjeldssituasjonen for søkjarane som ein del av kredittvurderingsplikta, jf. § 5-2 andre ledd. Dette gjeld også kommunane og Husbanken, som må

hente inn opplysningar om både pantesikra og usikra gjeld. Husbanklova § 10 gir kommunane og Husbanken heimel til å hente inn nødvendige opplysningar om mellom anna «inntekt, formue, skatt og gjeld», jf. første ledd bokstav c. Desse opplysningane skal sendast utan vederlag, jf. sjette ledd.

I § 10 tredje ledd blir det spesifisert kva for kjelder og register Husbanken og kommunen kan hente opplysningar frå. Denne lista inkluderer mellom anna «finansinstitusjonar» og «selskap som tilbyr kredittvurderingar», men ho omfattar ikkje «gjeldsinformasjonsføretak». Dette skaper ei utfordring, fordi gjeldsopplysningar frå gjeldsinformasjonsføretak berre kan hentast inn mot vederlag. Kostnaden ved innhenting utgjer i praksis ei avgrensing i moglegheita til å hente inn dei fullstendige opplysningane som krevst for kredittvurdering.

Gjeldsinformasjonslova § 12 gir Husbanken og kommunane heimel til å hente inn gjeldsopplysningar frå gjeldsinformasjonsføretak i samband med startlån og for dei andre husbanklåna frå Husbanken. Desse opplysningane kan hentast inn ved handsaming av lånesøknader, ved kontroll før utbetaling og ved søknader om endring av lånevilkår. Likevel krev gjeldsinformasjonslova § 14 at opplysningane er særskilt heimla i lov for å kunne innhentast utan vederlag, noko som i dag ikkje er tilfellet.

4.2 Behovet for endring

4.2.1 Handsaming av personopplysningar frå startlån

Husbanken utarbeider ei rekkje statistikkar og analysar basert på ordningane sine. Dette blir gjerne gjort på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet, men også kommunar og andre aktørar etterspør dette.

For at Husbanken skal ha god nok kunnskap om kjenneteikn ved vanskelegstilte på bustadmarknaden over tid, er det også behov for å oppdatere dataa som kjem frå den kommunale sakshandsaminga. Det vil seie opplysningar utover det kommunane vil samle inn for å oppfylle oppgåvene sine i samband med låne- og tilskotsordningane til Husbanken. Det kan mellom anna omfatte opplysningar frå seinare tidspunkt enn søknadstidspunktet. Det kan vere opplysningar frå folkeregisteret om folkeregistrert adresse, fødselsnummer og d-nummer for husstandsmedlemmer, opplysningar frå skattestyresmaktene om inntekta, formuen og gjelda til husstanden, og opplysningar frå Eigedomsregisteret om eigarforhold.

Husbanken har behov for klare og tydelege heimlar som gjer det mogleg å hente inn opplysningar om forvaltninga av startlånsordninga i kommunane, og oppdaterte kjenneteikn ved låntakarane og lånet, til statistikk, forskning og analyse.

Det at Husbanken ikkje har nødvendig tilgang til forvaltningsdata og oppdaterte opplysningar fører til at Husbanken vanskeleg kan vurdere om dei etterlever rolla si i å bidra til at startlåntakarar skal klare å behalde bustad. Kunnskap om dei aktive startlåna og korleis dei blir forvalta av kommunane, er avgjerande i denne samanhengen. Slik innsikt er også viktig for korleis Husbanken forvaltar startlånsordninga.

4.2.2 Forvaltningsdata

Heimelen kommunane har til å handsame opplysningar for å forvalte startlån, er § 10 andre ledd, som gir Husbanken og kommunen heimel til å handsame opplysningane som er nemnde i første

ledd når det er nødvendig for å forvalte lån og tilskot som er innvilga. Forvaltningsdata er ikkje uttrykkjeleg nemnt i § 10 første ledd, men bokstav d nemner «andre opplysningar om økonomiske tilhøve». Det er ikkje vidare presisert kva slags type opplysningar som blir omfatta av § 10 første ledd bokstav d, og dette kan bidra til uvisse i spørsmålet om forvaltningsdata kan reknast som opplysningar om «økonomisk tilhøve». Det er likevel ikkje tvil om at lovgivaren har meint at kommunen og Husbanken skal kunne handsame opplysningar som er nødvendige for å forvalte lån og tilskot, fordi dette eksplisitt går fram av andre ledd. Dette er nærmare beskrive i Prop. 118 L (2016–2017) s. 21, der saker om mishald og tvangssal blir nemnde som døme på tilfelle der kommunen og Husbanken kan ha behov for å handsame slike opplysningar.

Det følgjer av husbanklova § 12 at Husbanken kan handsame personopplysningane som er nemnde i § 10, når det må til for å utarbeide statistikk og analysar. Det same gjeld for kommunen, som kan gi opplysningane til Husbanken. Husbanklova § 12, jf. § 10, gir dermed kommunen ein heimel til å dele forvaltningsdata med Husbanken. Likevel er det, slik føresegnene er utforma i dag, uklart om dette også gir Husbanken rett til å hente inn forvaltningsdataa direkte frå kommunane. Det at dette er uklart, fører til at Husbanken i dag må hente inn samtykke frå kvar enkelt kommune for å få tilgang til forvaltningsdata frå kommunen eller låneforvaltarane i kommunen. Husbanken har i dag eit prosjekt¹ der eit slikt samtykke er henta inn frå nesten alle kommunar i landet.

For å kunne vurdere effekten av startlånsordninga og tilpasse henne etter endringar i bustadmarknaden er det viktig at Husbanken har tilgang til oppdaterte data og erfaringar frå kommunane som administrerer startlån, og eventuelt låneforvaltarane deira på heile startlånsporteføljen. At Husbanken ikkje har ein tydeleg heimel for å kunne hente forvaltningsdata på heile porteføljen, inneber at det ikkje er mogleg å få innsikt i kva for startlån som framleis er aktive, og kva for nokre som er avslutta. For aktive startlån er det viktig å kunne sjå i kva grad lån blir mishaldne, og kva tiltak som blir sette inn for å sikre at låntakarane kan behalde bustaden. For lån som blir innfridde (avslutta), er det også behov for å kunne sjå om innfriinga kom av ei konvertering over til eit lån i privat bank, eller om bustaden blei tvangsseld.

Det er derfor behov for at Husbanken får ein klar heimel for å hente inn og handsame forvaltningsdata kontinuerleg på heile startlånsporteføljen for å utarbeide statistikk, analysar og forskning. Dette bør kunne skje utan å måtte hente inn samtykke frå kvar enkelt kommune kvar gong det er behov for tilgang til forvaltningsdataa.

Startlånet skal oppfylle nasjonale bustadpolitiske mål, og det er staten, ved Husbanken, som i første instans låner ut midlane til kommunane. For å kunne vurdere søknadene om startlån frå kommunane er det viktig å ha oversikt over porteføljen til kommunen og forvaltninga deira av startlånet. Dette er nødvendig for å sikre forsvarleg sakshandsaming og god vurdering av om kommunen skal få innvilga startlån. Tilgang til opplysningar som blir skapte gjennom sakshandsaming og oppfølging av lån, er derfor avgjerande for å kunne evaluere effekten av startlån og for å oppnå betre styringsinformasjon.

¹ Husbank-prosjektet Livsløpsanalysar legg til rette data frå startlån og bustøtte med eksterne datakjelder for analyse. Prosjektet har henta inn samtykke frå kommunane til å nytte forvaltningsdataa på startlån. Så langt er det berre forvaltningsdata frå kommunar som brukar Intrum, det er lagt til rette for. Det gir Husbanken innsikt i korleis det går med beteninga av startlånet for hushald som har startlån, i 8 av 10 kommunar.

Ifølgje dei grunnleggjande styringsprinsippa i statens økonomireglement skal statlege verksemdar sikre at mål og resultatkrav blir oppnådde, at ressursane blir brukte effektivt, og at det ligg føre tilstrekkeleg styringsinformasjon og forsvarleg avgjerdsgrunnlag. Økonomiregelverket stiller også krav til heilskapleg risikostyring og internkontroll, og dette krev tilgang til relevante og oppdaterte data om startlånsordninga.

4.2.3 Handsaming av personopplysningar som ikkje stammar frå den kommunale sakshandsaminga

For å kunne vurdere korleis startlånet fungerer, og kva effekt det har for låntakarane, er det avgjerande med kunnskap om korleis det går med startlåntakarane etter at lånet er innvilga.

Den heimelen Husbanken har i husbanklova § 12, gjeld som nemnt berre personopplysningar som er henta inn med heimel i husbanklova § 10. Dette inneber at Husbanken berre kan handsame opplysningar som er henta inn i samband med sakshandsaming eller forvaltning av låne- og tilskotsordningar. Husbanken har ikkje tilgang til å hente inn nye eller oppdaterte opplysningar berre til forskings-, statistikk- og analyseformål. Opplysningar om til dømes inntekt og talet på husstandsmedlemmer vil derfor vanlegvis vere avgrensa til søknadstidspunktet, ettersom kommunane sjeldan oppdaterer slike opplysningar i løpet av løpetida til lånet. Det er derfor ikkje mogleg å få innsikt i korleis samansetnaden og økonomien i husstanden endrar seg over tid.

Kommunane hentar i dag inn opplysningar som inntekt, formue og gjeld sporadisk i løpet av løpetida til lånet, og praksisen varierer mellom kommunar. Dette gjer at slike opplysningar i mange tilfelle ikkje er oppdaterte eller konsistente på tvers av kommunar. Sidan denne informasjonen i hovudsak finst i eksterne register som i folkeregisteret, hos skattestyresmaktene og i Eigedomsregisteret, er tilgang til slike oppdaterte data avgjerande for å kunne utarbeide påliteleg nasjonal statistikk og gjennomføre analysar av effekten av startlånet.

For at Husbanken skal ha god nok kunnskap om kjenneteikna ved vanskelegstilte på bustadmarknaden og følgje utviklinga for startlåntakarar over tid, er det nødvendig å kunne hente inn oppdaterte opplysningar frå eksterne register til bruk i statistikk, forskning og analyse. Dette gjeld mellom anna opplysningar om talet på husstandsmedlemmer, inntekt og folkeregistrert adresse. Det vil til dømes vere behov for oppdaterte kontaktopplysningar i samband med utsending av brukarundersøkingar.² Vidare er det behov for oppdaterte inntektsopplysningar og opplysningar om husstandar til studiar av personar som har startlån.

4.2.4 Gjeldsregisteret

Husbanklova § 10 har i dag ei utilsikta avgrensing i tilgangen Husbanken og kommunane har til å hente inn nødvendige gjeldsopplysningar. Dette kjem av manglande harmoni mellom § 10 første ledd, som gir tilgang til å hente inn opplysningar om «gjeld», og føresegnene i tredje ledd, som listar opp kva føretak og register desse opplysningane kan hentast inn frå. Sidan gjeldsregister eller gjeldsinformasjonsføretak ikkje er inkludert i denne lista, må slike opplysningar hentast inn mot vederlag, noko som skaper ein økonomisk barriere for tilgang til nødvendige opplysningar.

² Som følgje av manglande heimel til å hente inn oppdaterte kontaktopplysningar til bruk i statistikk, forskning og analyse måtte ei planlagd brukarundersøking blant startlånsøklarar utsetjast i si opphavlege form og erstattast av ei langt mindre undersøking der kommunane måtte hjelpe til med å kontakte moglege respondentar.

For å omgå denne utfordringa ber kommunane i dag ofte låntakarane sjølve hente ut sine egne gjeldsopplysningar, ettersom dette kan gjerast vederlagsfritt. Denne praksisen har fleire uheldige konsekvensar. For det første må sakshandsamaren manuelt laste opp opplysningane i sakshandsamingssystemet, noko som aukar risikoen for feil og brot på personvernet. For det andre kan opplysningane bli endra av søkjaren før dei blir sende inn, noko som svekkjer avgjerdsgrunnlaget for lånet. Vidare utfordrar denne løysinga prinsippa om dataminimering og informasjonstryggleik, ettersom den manuelle handteringa av sensitive opplysningar utset både søkjaren og systemet for unødvendig risiko.

Det er derfor behov for ein særheimel som inkluderer gjeldsinformasjonsføretak i § 10 tredje ledd. Ein slik heimel vil sikre at Husbanken og kommunane kan hente inn gjeldsopplysningar automatisk og kostnadsfritt, noko som vil styrkje avgjerdsgrunnlaget, redusere risikoen for personvernbrot og effektivisere sakshandsaminga.

4.3 Vurdering og forslag frå departementet

4.3.1 Innleiing

Departementet foreslår ein ny § 10 i husbanklova som gir Husbanken og kommunane eit klart rettsleg grunnlag for handsaming av personopplysningar i samband med låne- og tilskotsordningane til Husbanken. Føresegna fører i stor grad vidare dagens heimel til innhenting og handsaming av personopplysningar, men utan å spesifisere kva opplysningar som kan handsamast, i sjølve lovteksten. Kva opplysningar som kan handsamast, er i staden foreslått regulert i forskrift (sjå pkt. 7).

Vidare foreslår departementet endringar i § 12 for å gjere rammene for handsaminga av personopplysningar til statistikk, analyse og forskning i Husbanken og kommunane tydelegare. Forslaget gjer rammene for slik handsaming tydelegare, og det same gjeld handsaming til test, drift og utvikling.

4.3.2 Handsaming av personopplysningar etter husbanklova § 10

4.3.2.1 Overordna heimel for handsaming av personopplysningar

I første ledd blir det foreslått at Husbanken og kommunen kan handsame personopplysningar, inkludert særlege kategoriar av personopplysningar og opplysningar om straffedommar, når dette er nødvendig for å utføre oppgåver etter husbanklova. Forslaget til første ledd i ny § 10 i husbanklova skal gi grunnlag for å handsame relevante og nødvendige særlege kategoriar av personopplysningar, jf. personvernforordninga artikkel 9 nr. 2 bokstav g, og opplysningar om straffedommar og lovbrot, jf. forordninga artikkel 10.

Artikkel 9 nr. 2 bokstav g føreset at den nasjonale retten som gir grunnlag for handsaminga av særlege kategoriar av personopplysningar, skal stå i eit rimeleg forhold til det målet ein søker å oppnå, ikkje bryte med det grunnleggjande innhaldet i retten til vern av personopplysningar og sikre eigna og særlege tiltak for å verne dei grunnleggjande rettane og interessene til den registrerte.

Etter dagens § 10 første ledd kan Husbanken og kommunen mellom anna hente inn og handsame opplysningar om eventuell verje, rettsleg handleevne, opplysningar om offentlege ytingar, inntekt frå Arbeids- og velferdsetaten og opplysningar om sosiale forhold. Dette er opplysningar som i

stor grad skal reknast som særlege kategoriar av personopplysningar, jf. personvernforordninga artikkel 9. Informasjon om noverande bustad blir også henta inn. I nokre tilfelle kan det vere opplysningar som blir rekna som særlege kategoriar av personopplysningar etter artikkel 10 – til dømes der søkjaren er i fengsel eller institusjon. Departementet foreslår derfor å ta inn ei uttrykkjeleg tilvising til personvernforordninga artikkel 9 og 10 for å unngå tvil om at slike opplysningar er omfatta.

Føresegna i første ledd inneber at Husbanken og kommunane kan handsame personopplysningar når dette er «nødvendig for å utføre oppgåver etter lova her», viser til dei oppgåvene som følgjer av husbanklova § 1. Husbanken har som oppgåve å fremje «bustadføremål» i samsvar med overordna retningslinjer, inkludert forvaltning av bustøtte, låne- og tilskotsordningar. I tillegg skal Husbanken medverke til å utvikle og formidle kunnskap om mål, metodar og resultat innanfor ansvarsområdet sitt. Kommunane har på si side ansvar for lokal forvaltning av mange av dei same ordningane, noko som krev ei tilsvarande handsaming av personopplysningar.

Det at handsaminga av personopplysningar skal vere nødvendig etter husbanklova, inneber dermed at handsaminga skal støtte kjerneoppgåvene til både Husbanken og kommunane innanfor forvaltning og gjennomføring av ordningane i lova med tilhøyrande forskrifter. Dette inkluderer sakshandsaming og oppfølging av søknader, administrasjon av låne- og tilskotsordningar, og dessutan gjennomføring av analysar og utarbeiding av statistikk for å styrkje kunnskapsgrunnlaget og forbetre ordningane. Handsaminga skal også kunne støtte eventuelle andre oppgåver som departementet kan tildele Husbanken og kommunane innanfor ramma av lova.

Denne tilnærminga sikrar at handsaminga av personopplysningar er avgrensa til det som er nødvendig for å utføre dei lovpålagde oppgåvene til Husbanken og kommunane, og dermed støttar formålet opp under eit effektivt og målretta bustadsosialt arbeid. Samtidig blir personvernprinsippa om nødvendigeheit og dataminimering oppfylte, og dette gjer handsaminga trygg og føreseieleg for dei registrerte.

4.3.2.2 Opplysningstypar i forskrift

Departementet foreslår at dagens første ledd, som listar opp kva for opplysningar som kan bli handsama, blir flytta til ny forskrift om Husbankens handsaming av personopplysningar, som er gjord nærmare greie for i kapittel 7. I forslaget til forskrift er det spesifisert kva opplysningar innanfor dei definerte kategoriane som kan handsamast, og kva type handsaming som er tillaten. Dette gir ei meir fleksibel regulering som kan tilpassast til endringar i behov og teknologiske utviklingar, samtidig som det sikrar at handsaminga skjer innanfor rammene som lova set. Denne tilnærminga vil gjere det enklare å tilpasse regelverket til nye behov og krav, samtidig som lova fører vidare klare rammer for kva typar opplysningar som kan handsamast, og til kva formål.

Dette vil sikre ei trygg og effektiv handsaming av personopplysningar, i samsvar med prinsippa i personvernforordninga om nødvendigeheit og proporsjonalitet. Handsaminga vil også vere i tråd med omsynet til føreseielege forhold og rettstryggleik for dei registrerte og husstandsmedlemmene deira.

4.3.2.3 Kjelder for innhenting av opplysningar

I andre ledd er det foreslått å regulere kva kjelder Husbanken og kommunane kan hente inn personopplysningar frå, når det må til for å utføre oppgåver etter husbanklova. Dette omfattar både

opplysningar som blir henta inn direkte frå søkjaren, og opplysningar som blir henta frå offentlege register og styresmakter. Vidare omfattar føresegna private aktørar som arbeidsgivarar, utdanningsinstitusjonar osv.

Forslaget inneber i hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett, men to nye kjelder blir tekne inn i lista over informasjonskjelder Husbanken og kommunane kan hente opplysningar frå. Dette gjeld opplysningar frå «tilbydere av posttjenester» (bokstav c) og «gjeldsinformasjonsforetak» (bokstav d).

Vidare blir det foreslått ei endring i tilvisinga til «Arbeids- og velferdsetaten». I praksis er det behov for å hente inn opplysningar både frå den statlege delen av Nav (Arbeids- og velferdsetaten) og den kommunale delen av Nav, avhengig av kva opplysningar som er nødvendige i kvar enkelt sak. Dette omfattar ikkje berre opplysningar om inntekt, men kan også omfatte opplysningar om situasjonen for søkjaren elles, der dette er nødvendig for vurderinga.

På denne bakgrunnen legg departementet til grunn at nemninga «arbeids- og velferdsforvaltningen» er mest dekkjande. Dette verkar også inn på vurderinga av tilgangen til å hente inn opplysningar om sosiale forhold, som ligg hos den kommunale delen av Nav.

Som det går fram av forslaget, kan opplysningane hentast inn «utan hinder av teieplikt». Dette er ei vidareføring av gjeldande rett. Forholdet til føresegner om teieplikt i forvaltningslova og særlovgivinga er omtalt i pkt. 5.3.2 og 5.3.3.

Tredje ledd i forslaget fører vidare føresegna i dagens § 10 sjuande ledd, om at tilgangen til å handsame personopplysningar også omfattar husstandsmedlemmer. Føresegna er presisert i forslag til ny forskrift § 6, sjå pkt. 7.

4.3.2.4 Gjeldsinformasjonsforetak og vederlagsfri innhenting

I fjerde ledd blir det foreslått å føre vidare føresegna i dagens § 10 sjetteste ledd om at opplysningar skal kunne hentast inn utan vederlag. Dette har innverknad særleg på tilgangen til å hente inn opplysningar vederlagsfritt frå «gjeldsinformasjonsforetak». Departementet vurderer at det er ei utilsikta avgrensing i dagens § 10 at gjeldsinformasjonsforetak ikkje er særskilt nemnt, slik at opplysningane kan hentast inn utan godtgjering, all den tid både Husbanken og kommunen kan hente inn desse opplysningane etter gjeldsinformasjonslova § 12 og handsame dei etter dagens husbanklov § 10 første ledd bokstav c, som nemner opplysningar om inntekt, formue, skatt og gjeld.

At ansvaret for å hente inn nødvendig gjeldsinformasjon i dag blir lagd på søkjarane sjølv, er uheldig, fordi det kan gi både personvernmessige og praktiske utfordringar. Når søkjaren sjølv må hente ut gjeldsopplysningar frå gjeldsregisteret og laste dei opp som vedlegg, kan dette gi ein risiko for at dokumenta kan endrast før opplasting, noko som kan føre til at avgjerdsgrunnlaget blir feilaktig. For det andre er det ein vesentleg forskjell i tryggleiken ved opplysningar som blir lasta opp manuelt av sakshandsamaren i kommunen, og opplysningar som blir henta inn automatisk gjennom ein integrasjon i Startskudd. Automatiserte løysingar vil ikkje berre bidra til eit meir korrekt og oppdatert avgjerdsgrunnlag, men vil også redusere risikoen for feil og brot på personvernet. Forslaget inneber derfor at heimelsgrunnlaget for automatisk og vederlagsfri innhenting av gjeldsopplysningar frå gjeldsinformasjonsforetak blir styrkt, slik at både Husbanken og kommunane kan ta hand om oppgåvene sine på ein trygg, effektiv og presis måte.

Opplysningar frå tilbydarar av posttenester, som Posten og e-boks, er nødvendige for å sikre at kommunikasjon og dokument når fram til rett mottakar, og dessutan for å stadfeste at opplysningar om adresse og leveringsstatus er korrekte. Ved å inkludere opplysningar frå tilbydarar av posttenester i lista over kjelder som Husbanken og kommunane kan hente inn data frå, sikrar ein at forvaltninga av ordningane kan gjennomførast effektivt og i tråd med rettstryggleiken til dei registrerte.

4.3.2.5 Tilgangen til å hente inn opplysningar frå offentlege register osv.

Forslaget til § 10 første ledd bokstav b, jamført med forslaget til ny forskrift § 5, inneber at kommunane og Husbanken kan hente inn dei nemnde opplysningane frå alle offentlege register og offentlege styremakter, så sant det er nødvendig.

Registerna som eksplisitt er nemnde, er, med eitt unntak som nemnt i pkt. 4.3.2.3 om arbeids- og velferdsforvaltninga, ei vidareføring av gjeldande rett og er berre meinte å dekkje kravet avgivarorganet har til særlovgiving. Det er ikkje ei uttømmende liste og inneber dermed ikkje ei avgrensing i kva register opplysningane kan hentast frå. Kommunane og Husbanken kan til dømes hente inn opplysningar som skattemelding frå Lånekassen eller skatteetaten, sjølv om registeret ikkje eksplisitt er lista opp.

Departementet legg til grunn at Husbanken og kommunane som utgangspunkt skal søkje å hente inn opplysningar frå den opphavlege kjelda (primærkjelda). Samtidig må dette sjåast i samanheng med politikken til regjeringa for auka datadeling og gjenbruk av data i offentlig sektor, slik dette mellom anna kjem til uttrykk i nasjonale digitaliseringsstrategiar og «berre éin gong»-prinsippet.

Der opplysningar allereie er tilgjengelege gjennom etablerte register eller delingsløyningar, og dette gir tilstrekkeleg kvalitet og aktualitet, vil det kunne vere tenleg å nytte slike kjelder. Dette kan mellom anna bidra til å unngå unødvendig dobbeltinnsamling av opplysningar og leggje til rette for effektiv ressursbruk, samtidig som krava til datakvalitet og nødvendighet blir ivarettatt. Eit illustrerande døme på dette er opplysningar om inntekt, formue og gjeld. Slike opplysningar kan byggje på informasjon frå ulike kjelder, som arbeidsgjevarar, arbeids- og velferdsforvaltninga og Lånekassen, men vil ofte vere tilgjengeleg gjennom etablerte register og delingsløyningar frå Skatteetaten. Tilgangen til å hente inn opplysningar må uansett vurderast konkret i lys av nødvendighetskravet i § 10 første ledd.

4.3.2.6 Forskriftsheimel

I femte ledd blir det foreslått å gi departementet heimel til å fastsetje nærmare reglar i forskrift om handsaminga av personopplysningar. Departementet meiner som nemnt at det er behov for ytterlegare og meir detaljerte reglar om handsaming av personopplysningar som det ikkje er naturleg å regulere i lov. Forslaget tydeleggjer kompetansen til departementet til å gi forskrifter om handsaminga av personopplysningar som er nødvendige for å utføre oppgåver etter husbanklova, og gir grunnlag for å fastsetje nærmare reglar om kva opplysningstypar Husbanken kan handsame, kva personar det kan handsamast opplysningar om, og dessutan innhenting, utlevering og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn låne- og tilskotsordningane til Husbanken.

Departementet legg vekt på at den foreslåtte nye § 10 i husbanklova skal bidra til å styrkje klarheita og tilgjenget i regelverket, samtidig som han sikrar ei heilskapleg og konsistent

regulering av korleis Husbankens handsamar personopplysningar. Departementet foreslår derfor nokre endringar som har som mål å tydeleggjere bruksområdet til føresegna, redusere unødvendig dobbeltregulering og leggje til rette for ei meir brukarvennleg og effektiv sakshandsaming, utan at dette går ut over rettane eller dei sentrale personvernprinsippa til dei registrerte.

4.3.2.7 Andre endringar i den gjeldande føresegna

Det følgjer av gjeldande lov § 10 tredje ledd at søkjaren skal «ha rett til å velja å skaffa opplysningar frå arbeidsgjevar og bank sjølv. Opplysningar om sosiale tilhøve kan berre hentast inn frå søkjaren sjølv». Denne føresegna er ikkje ført vidare i forslaget til ny § 10, ettersom Husbanken i utgangspunktet ikkje hentar inn opplysningar frå arbeidsgivar og bank direkte, men får nødvendige opplysningar frå sentrale register som Arbeidsgivar- og arbeidstakarregisteret (Aa-registeret) og skattestyresmaktene. Andre opplysningar frå arbeidsgivar og bank blir som regel henta inn av søkjarane sjølve. Arbeidsgivar og finansinstitusjonar er likevel førte opp i § 10 første ledd, fordi det i spesielle saker kan vere behov for å hente inn slike opplysningar direkte frå kjelda. I forslag til § 10 tredje ledd presiserast at opplysningar frå arbeids- og velferdsforvaltninga om sosiale tilhøve så langt som mogleg skal hentast inn i samarbeid med søkjar, eller i alle fall slik at søkjar har kjennskap til innhentinga. Dette skal sikre at søkjar har kunnskap om og kan påverke kva slags opplysningar ein hentar inn om «sosiale tilhøve», jf. forslag til forskrift § 5 bokstav h. Føresegna ivaretar prinsippet om openheit og gjer det mogleg for søkjaren å forstå og reagere på innhentinga av opplysningar, samtidig som det sikrar ei effektiv sakshandsaming i dei tilfella der slike opplysningar er nødvendige og det ikkje er mogleg å gjere innhentinga i samarbeid med søkjaren. Føresegna svarer til som sosialtenestelova § 43 første ledd.

Vidare følgjer det av dagens § 10 fjerde ledd at «[n]år det er naudsynt for sakshandsaminga, kan søkjaren eller andre som opplysningane gjeld, verta bedne om å samtykkja til at det vert henta inn helseopplysningar frå helsepersonell». Denne føresegna er foreslått fjerna, ettersom Husbanken og kommunane i utgangspunktet ikkje har behov for å hente inn helseopplysningar frå helsepersonell. Helsepersonell er derfor ikkje inkludert i lista over kjelder opplysningar kan hentast frå. Dersom Husbanken eller kommunen har behov for opplysningar om helse og dei er nødvendige for å handsamehandsame låne- og tilskotsordningar, vil søkjaren få høve til å hente dei inn sjølv. Departementet meiner derfor at det er nødvendig at det kjem tydeleg fram av § 5 i forskrifta at opplysningar om helse kan hentast inn og handsamast. Skulle det likevel oppstå situasjonar der det er behov for å hente inn slike opplysningar direkte frå helsepersonell, vil dette krevje samtykke. Den foreslåtte endringa gir derfor inga endring i gjeldande praksis eller rettstilstand, men vil likevel innebere ei tydeleggjering ved at helseopplysningar eksplisitt er nemnde i § 5 i forskrifta.

Det følgjer av § 10 femte ledd i dagens husbanklov at «Husbanken eller kommunen skal opplysa den som blir pålagd å gi frå seg opplysningar, om føremålet med å henta inn opplysningane, om heimelen for å henta inn opplysningane og om retten til å klaga, jf. forvaltningsloven § 14. Husbanken eller kommunen skal på søknadstidspunktet opplysa søkjaren og eventuelle husstandsmedlemmer om kva kjelder opplysningane vert henta frå, kva dei skal verta brukte til, og om retten til å gjennomføra etterfølgjande kontrollar». Departementet foreslår å fjerne denne føresegna, fordi krava om informasjon allereie er regulerte gjennom forvaltningslova § 14 og personvernforordninga artikkel 13 og 14, som beskriv retten dei registrerte har til informasjon. Forvaltningslova sikrar at dei som blir pålagde å levere ut opplysningar, blir informerte om formålet med innhenting av opplysningar, heimelsgrunnlaget og retten til å klage. I tillegg sikrar personvernforordninga ei omfattande informasjonsplikt overfor dei registrerte om korleis

personopplysningar blir handsama, inkludert opplysningar om kva kjelder som blir nytta, og formåla med handsaminga.

Forvaltningslova § 14 og personvernforordninga artikkel 13 og 14 fastset krav til informasjon i samband med innhenting av opplysningar. Desse reglane gjeld som overordna rettsreglar og sikrar at dei registrerte blir informerte om formål, heimel, kjelder og handsaminga av opplysningane. Husbanklova § 10 femte ledd er derfor overflødig, fordi ho berre gjentek det som allereie er lovpålagt gjennom forvaltningslova og personvernforordninga. Endringa inneber dermed inga svekking av rettane til dei registrerte, men bidreg til å tydeleggjere og forenkle føresegnene i husbanklova utan unødvendig dobbeltregulering.

4.3.3 Handsaming av personopplysningar til forskning, statistikk og analyse m.m. etter husbanklova § 12

Departementet foreslår vidare endringar i § 12 om handsaming av personopplysningar til statistikk, analyse og forskning, slik at han set tydelegare rammer for kva opplysningar Husbanken og kommunane kan bruke til forskning, statistikk og analysar. Som nemnt er vurderinga til departementet at det er nødvendig at Husbanken har tilgang til oppdaterte data og erfaringar frå kommunane som administrerer startlån og eventuelt låneforvaltarane deira på heile porteføljen, for å kunne vurdere effekten av startlånsordninga og tilpasse henne etter endringar i bustadmarknaden. Departementet foreslår derfor ein ny § 12 om kva tilgang Husbanken og kommunane har til å samle inn og handsamehandsame opplysningar som er henta inn i medhald av husbanklova § 1, til forskning, statistikk og analyse.

4.3.3.1 Forvaltningsdata

Det blir foreslått presisert i § 12 første ledd andre punktum at Husbanken kan hente inn desse opplysningane frå kommunane, slik at Husbanken får ein heimel for å handsamehandsame forvaltningsdata på heile startlånporteføljen for å utarbeide statistikk, analysar og forskning. Dette inneber at Husbanken får tilgang til forvaltningsdataa frå utlånporteføljen til kommunane utan å måtte hente inn samtykke frå kvar enkelt kommune kvar gong det er behov for å hente inn forvaltningsdata. Føresegna er meint å gi Husbanken eit tydeleg og sjølvstendig handsamingsgrunnlag til å hente inn dei nødvendige opplysningane. I forskrifta § 5 blir det presisert at forvaltningsdataa anten kan skaffast til vegar ved at Husbanken hentar inn opplysningane direkte frå kommunane, eller ved at dei blir henta inn frå låneforvaltaren til kommunen, som handsamar opplysningane på vegner av kommunen.

Med tilgang til forvaltningsdata vil Husbanken få innsikt i korleis startlåna blir forvalta av kommunane, kva behov låntakarane har, og korleis det går med dei som får lån. Dette er kunnskap som er viktig for å kunne vurdere korleis startlånsordninga fungerer i praksis, og gi Husbanken eit betre grunnlag for å forbetre og tilpasse ordninga slik at ho oppfyller måla og samfunnsinteressene på best mogleg måte. Forvaltningsdata for aktive lån og innsikt i kvifor låna blir avslutta, er avgjerande for at Husbanken kan medverke til at vanskelegstilte kan behalde ein eigna bustad. Dette er nødvendig kunnskap for å kunne innrette startlånsordninga og rådgivinga til kommunane på ein måte som bidreg til at personar får og beheld ein god og trygg bustad.

Med tilgang til forvaltningsdata for heile startlånporteføljen kan Husbanken mellom anna få innsikt i følgjande:

- Talet på lån som framleis er aktive, storleiken på hovudstolen for desse låna, og endringar i lånevilkår. Dette er sentralt for å kunne vurdere konsekvensar av ulike prisvekst- og rentescenarior og dermed risikoprofilen til porteføljen.
- Korleis låna blir betente, inkludert informasjon om innfriingar før normert tid, omfang av mishald, mishald som resulterer i tvangssal, og gjeldssituasjonen i etterkant. Forvaltningsdata kan særleg gi informasjon om praksis ved mishald, og om det er forskjellar mellom kommunar. Dermed kan dei bidra til kunnskap om kvar det bør prioriterast inn rådgivingsressursar.
- Kva effekt startlånet har på å hjelpe personar ut av ein vanskeleg bustadsituasjon. Dette kan opplysast ved å sjå på årsaker til at lån blir avslutta, og om startlånet bidreg til at personar held fram med å vere bustadeigarar. Utviklinga til startlånet i utfordrande økonomiske tider og risikoprofilen til porteføljen kan berre reknast ut dersom Husbanken har oppdaterte forvaltningsdata. Informasjon om denne utviklinga er derfor nødvendig for å vurdere effekten av startlån og behov for endringar i verkemiddel og gjeldande regelverk.

Å analysere forvaltningsdata vil styrkje evna Husbanken har til å gi målretta rettleiing og rådgiving til kommunane. Dette gjer det mogleg å identifisere sårbarheit blant startlåntakarar, til dømes kor mange låntakarar som vil gå frå (låg) fastrente til ei (høg) flytande rente og dermed oppleve eit rentesjokk ved overgangen. Ved å ha oversikt over kor mange låntakarar som er i ein slik situasjon i kvar kommune, kan Husbanken prioritere ressursane og gi skreddarsydd rådgiving til kommunane der behovet er størst.

På kommunenivå vil det både vere for få observasjonar og manglande kompetanse for å gjennomføre systematiske evalueringar av effekten av startlån. Ved at Husbanken har tilgang til forvaltningsdataa på startlån vil ein kunne utarbeide eit felles nasjonalt rammeverk for evaluering av verkemiddelet, med den nødvendige tyngda det gir å ha full tilgang til alle lån som er skrivne ut, og ikkje avgrensa til berre éin kommune.

Departementet foreslår også å presisere at heimelen omfattar innhenting frå låneforvaltarane til kommunane i forskrifta § 5. Mange kommunar set ut forvaltninga av startlåna til eksterne låneforvaltarar. At ein kommune nyttar ein ekstern låneforvaltar, inneber berre at låneforvaltaren fungerer som datahandsamar på vegner av kommunen. Det forandrar ikkje det faktum at kommunen er handsamingsansvarleg. Ein praktisk konsekvens vil likevel vere at kommunen må be datahandsamaren levere ut opplysningane til Husbanken, sidan datahandsamaren handlar på instruks frå den handsamingsansvarlege (kommunen). Husbanken har behov for å hente inn opplysningar direkte frå eksterne låneforvaltarar, på lik linje med data frå dei kommunane som forvaltar ordninga sjølv, for å få kunnskap om heile porteføljen. Det blir derfor også foreslått ei presisering i regelverket om at tilgangen Husbanken har til å hente inn forvaltningsopplysningar om startlån frå kommunane, også omfattar å hente inn direkte frå låneforvaltaren til kommunane.

4.3.3.2. Avgrensingar

Det blir vidare foreslått å presisere rammene for handsaminga av personopplysningar til desse formåla. I tråd med formålsavgrensingsprinsippet i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b foreslår departementet å presisere rekkjevidda av heimelen til Husbanken ved å ta inn ei tilvising til at Husbanken skal kunne handsamehandsame personopplysningane i den grad det er nødvendig for forskning, statistikk og analysar. Heimelen blir avgrensa ytterlegare ved at han blir knytt til oppgåvene til Husbanken etter husbanklova § 1. Etter første og andre ledd i paragrafen skal

Husbanken «fremja bustadføremål i samsvar med overordna retningsliner» og «forvalta bustøtte og låne- og tilskotsordningar og medverka til å utvikla og formidla kunnskap om mål, metodar og resultat innanfor sitt saksområde». Den nye føresegna skal dermed berre gi Husbanken eit supplerande rettsgrunnlag for forskning, statistikk og analyse innanfor rammene av oppgåvene til Husbanken, slik dei er definerte i husbanklova § 1. Dette omfattar mellom anna innhenting og handsaming av forvaltningsdata om startlån frå kommunane eller låneforvaltaren til kommunane.

Forskning, statistikk og analysar som blir utarbeidd med dette grunnlaget, skal kunne brukast av Husbanken til rapportering og til å gi råd til kommunar og statlege organ. I tillegg vil Husbanken ha behov for styringsdata som avgjerdsgrunnlag for eiga verksemd og for departementa.

Både Husbanken og kommunane vil i sakshandsaminga si handsamehandsame særlege kategoriar av opplysningar som definert i personvernforordninga artikkel 9 og artikkel 10, når det må til for å utføre oppgåvene som er nemnde i husbanklova. Dette er også presisert i forslaget til ny § 10.

Kommunane handsamar nokre slike opplysningar i samband med søknader om startlån, til dømes opplysningar om funksjonsnedsetjingar som må takast omsyn til i søknadvurderinga, eller opplysningar om at søkjaren er registrert med institusjon, inkludert fengsel, som tidlegare bustad.

For Husbanken er det i dag ikkje nødvendig å samle inn og handsamehandsame opplysningstypane som er nemnde i artikkel 10, til statistikk-, analyse- og forskingsformål. I framtida kan det likevel oppstå behov for å handsame slike opplysningar på samanstillt nivå, særleg dersom Husbanken får ansvar for nye ordningar for spesifikke målgrupper. Dette kan til dømes vere tilfellet dersom det blir innført nye bustadpolitiske ordningar retta mot personar i overgangsfasen etter soning eller for personar med utfordrande helse- eller rusproblematikk. Opplysningane som er nemnde i artikkel 10, er ikkje eksplisitt nemnde i opplistinga i § 5 i forskrifta av personopplysningar som kan handsamast, men slike opplysningar kan til dømes vere opplysningar om adresse eller buforhold. Dersom det skulle oppstå eit behov for å handsame andre opplysningar som fell inn under artikkel 10, vil det måtte gjerast ei forskriftsendring og dermed gjennomførast ei vurdering av nødvendighet, proporsjonalitet og personverngarantiar.

Husbanken har allereie heimel til å handsame enkelte opplysningstypar som nemnt i artikkel 9 for formåla som er definerte i husbanklova, inkludert til statistikk-, analyse- og forskingsformål. Til dømes kan Husbanken handsame opplysningar som er nødvendige for å vurdere om startlånet som verkemiddel treffer dei målgruppene som er politisk bestemte. Dette inkluderer mellom anna hushald med låg inntekt eller personar med nedsett funksjonsevne. Slik handsaming skjer i dag innanfor rammene av eksisterande lovgiving og i tråd med personvernprinsipp.

Det blir foreslått i § 12 første ledd siste punktum at Husbanken kan handsame opplysningar som definert i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når det er nødvendig for forskning, statistikk og analysar for formåla i husbanklova § 1. Vidare foreslår departementet at det blir presisert at Husbanken må sikre at handsaminga er underlagd personverngarantiar i samsvar med personvernforordninga artikkel 89 nr. 1, og at Husbanken ikkje kan handsame personopplysningar dersom formålet kan oppnåast ved bruk av anonyme opplysningar. Dette skal fremje prinsippa om formålsavgrensing og dataminimering, i tråd med personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b og bokstav c.

Forordninga artikkel 89 nr. 1 omtaler vitenskapleg og historisk forskning og statistiske formål, men ikkje eksplisitt analysar. Føresegna må derfor brukast analogisk når Husbanken handsamar personopplysningar for analyseformål. Dette vil sikre at når Husbanken handsamar

personopplysningar for slike formål, skjer det innanfor ramma av forordninga, samtidig som nødvendige garantiar for dei registrerte blir haldne ved lag.

4.3.3.1 Oppdaterte opplysningar

I § 12 fjerde ledd er det foreslått at Husbanken kan hente inn oppdaterte opplysningar som nemnt i første ledd når det er nødvendig. For at Husbanken skal ha god nok kunnskap om kjenneteikna på vanskelegstilte på bustadmarknaden over tid og å få innsikt i korleis det går med startlånssøkjjarane, har Husbanken også behov for å kunne hente inn oppdaterte opplysningar, som mellom anna talet på husstandsmedlemmer, inntekt eller folkeregistrert adresse, til bruk i statistikk, forskning og analyse. Opplysningane det gjeld, er avgrensa til opplysningar som er nemnde i første ledd.

Oppdaterte opplysningar om inntekt vil mellom anna kunne gi innsikt i om den økonomiske situasjonen til husstandar som har fått startlån, betrar seg over tid. Å få tilgang til oppdaterte opplysningar er viktig for å kunne sjå effekten av startlånet og for å vidareutvikle verkemiddel som sikrar at ordninga blir tilpassa skiftande behov i bustadmarknaden.

Behovet for oppdaterte opplysningar gjeld også opplysningar om husstandsmedlemmer. Til dømes må inntekta oppdaterast for heile husstanden, ikkje berre for personen som er ført opp som startlånssøklar, for å kunne gi rett innsikt i den økonomiske situasjonen for husstanden. Det same gjeld til dømes informasjon frå folkeregisteret om endringar i talet på husstandsmedlemmer, som er viktig kunnskap for å gjere rette analysar.

Husbanken har behov for å hente inn oppdaterte opplysningar så lenge lånet er aktivt, og dessutan i overgangen etter at lånet er avslutta, for å kaste lys over årsakene til at lånet er avslutta, og buforholda i etterkant. Å få innsikt i kvifor lån blir avslutta og om låntakaren framleis eig bustad eller til dømes leiger bustad, gir svar på om startlånet bidreg til å hjelpe personar ut av ein vanskeleg bustadsituasjon og over i ein trygg og stabil bustadsituasjon. Dette er nødvendig for å kunne tilpasse startlånsordninga og gi betre rådgiving til kommunane, slik at ordninga oppfyller formålet sitt om å gi vanskelegstilte høve til å etablere og behalde ein eigna bustad. På grunn av tregleik i oppdateringar av registerdata bør opplysningane kunne hentast inn eitt år etter kalenderåret der lånet er avslutta. Opplysningar som kan vere aktuelle, er opplysningar frå folkeregisteret om folkeregistrert adresse, opplysningar frå skattestyresmaktene om inntekta, gjelda og formuen til husstanden, og opplysningar frå Eigedomsregisteret om eigar- og panteforhold.

5 Handsaming av personopplysningar frå kommunale bustadpolitiske tilskot og kommunalt disponerte utleigebustader

5.1 Gjeldande rett

Tilskot til etablering og tilskot til tilpassing er kommunale tilskotsordningar regulerte i lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot (bustøttelova) §§ 14 og 15. Føresegnene skildrar ansvaret til kommunen for å vurdere søknader om tilskot og vilkåra for tildeling, inkludert krav til den økonomiske situasjonen for søkjaren og behovet for tilskotet.

Heimelen til kommunen for handsaming av personopplysningar som er knytte til tilskota, følgjer av lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet (bustadsosiallova) § 8. Føresegna regulerer kva tilgang kommunen har til å handsame personopplysningar i samband med bustadsosiale tenester og gir kommunen heimel til å handsame nødvendige personopplysningar for å kunne oppfylle pliktene sine etter lova, jf. forskrift om handsaming av personopplysningar på det bustadsosiale feltet.

Den heimelen Husbanken har i husbanklova § 12, gjeld berre personopplysningar som er henta inn med heimel i husbanklova § 10. Det inneber at Husbanken i utgangspunktet ikkje kan bruke opplysningar som er henta inn etter andre heimlar, til statistikk- og analyseformål.

5.2 Behov for endringar

5.2.1 Kommunale bustadpolitiske tilskot

Husbanklova § 10 første ledd gav tidlegare Husbanken heimel til å hente inn og handsame personopplysningar som var nødvendige for sakshandsaming av lån og tilskot, inkludert tilskot til etablering og tilpassing, jf. Prop. 118 L (2016–2017) *Endringer i husbankloven (handsaming av personopplysningar)*. Frå 1. januar 2020 blei ansvaret for desse tilskotsordningane overført til kommunane, i samsvar med lov 16. juni 2017 nr. 66 om endringer i ekteskapsloven og bustøttelova m.m. (oppgaveoverføring til kommunene). Med overføringa blei midlane innlemma i rammetilskotet til kommunane, og §§ 14 og 15 i bustøttelova regulerer no ansvaret til kommunane for tilskota.

Etter overføringa av ansvaret er det kommunen som er handsamingsansvarleg, og handsaminga av personopplysningar i samband med tilskot til etablering og tilpassing er omfatta av personvernheimlane i bustadsosiallova. Dette inneber at det er usikkert om Husbanken framleis har heimel i husbanklova § 10 til å handsame desse opplysningane.

Husbanken har framleis ei viktig rolle som rettleiar for kommunane og bidreg til å samle kunnskap om tilskotsordningane på nasjonalt nivå. Likevel kan Husbanken ikkje nytte husbanklova § 12 for vidarehandsaming av personopplysningar til statistikk, forskning og analyse, sidan tilskota ikkje lenger blir omfatta av ordningane til Husbanken. Dette avgrensar det høvet Husbanken har til å utøve kunnskapsrolla si fullt ut.

I Prop. 91 L (2016–2017) blei det presisert at kommunane framleis kunne nytte sakshandsamingssystemet til Husbanken, Startskudd, etter at tilskota blei overførte. Dette skulle leggje til rette for nasjonale analysar av bruken av tilskota. Likevel varierer bruken av Startskudd blant kommunane, noko som fører til ujamn registreringspraksis og eit svekt datagrunnlag for nasjonale analysar. Dette påverkar det høvet Husbanken har til å få tak i konsistent og samanliknbar informasjon til kunnskapsarbeidet sitt.

SSB har peikt på utfordringar med å publisere statistikk om bruken til kommunane av tilskota gjennom KOSTRA, ettersom dataa ikkje lenger blir samla inn sentralt av Husbanken. Sjølv om Husbanken tilbyr rettleiing og tekniske løysingar, er det opp til kommunane å bestemme korleis desse verktøya skal brukast, og det påverkar kvaliteten på dei innsamla dataa og kor samanliknbare dei er.

Departementet reknar med at overføringa av ansvaret for tilskota til kommunane har ført til ei uheldig avgrensing av det høvet Husbanken har til å utarbeide relevant statistikk og analysar, og

dermed utøve den nasjonale kunnskapsrolla si. Departementet meiner derfor det trengst ei lovføresegn som sikrar at Husbanken kan nytte opplysningar frå tilskotsordningane til forskning, statistikk og analysar, så sant anonymiserte opplysningar ikkje er tilstrekkeleg. Dette gjeld opplysningar frå Startskudd, men også opplysningar frå kommunar som ikkje sakshandsamar tilskota i Startskudd. Ei slik endring vil styrkje evna Husbanken har til å støtte kommunane med nasjonale analysar, og sikre ein betre kunnskapsbase for utviklinga av bustadpolitiske verkemiddel.

5.2.2 Kommunalt disponerte utleigebustader

For å kunne oppfylle den nasjonale kunnskapsrolla si har Husbanken behov for å utarbeide og få utarbeidd statistikk og analysere og halde oversikt over bruken av kommunalt disponerte utleigebustader som bustadpolitisk verkemiddel. Husbanken har likevel ikkje heimel i husbanklova til å handsame desse opplysningane og kan ikkje nytte husbanklova § 12 for vidarehandsaming av personopplysningar til statistikk, forskning og analyse. Dette avgrensar det høvet Husbanken har til å utøve kunnskapsrolla si fullt ut. Det er også behov for å kunne utveksle data om kommunalt disponerte bustader med SSB og til bruk i forskning.

Data om kommunalt disponerte bustader har to hovudkomponentar: data om sjølve bustaden og data om husstandane som søker bustad. Informasjon om bustader er ikkje i seg sjølv personopplysningar og er offentleg tilgjengelege i statistikk og i ulike register som gjennom Kartverket, der det er mogleg å søkje opp informasjon om bustader og eigedommar på adresse. Samtidig kan informasjon om bustader vere personopplysningar når dei blir samanlikna med andre data og knytte til dei som bur der. Sjølv om det kan utarbeidast statistikk og analysar berre på sjølve bustadmassen, vil det i mange samanhengar vere nødvendig å sjå denne statistikken i samheng med dei som får tildelt bustad.

I Noreg er det avgrensa med informasjon om utleigebustader i offentleg statistikk, og særleg om kommunalt disponerte bustader. I KOSTRA-statistikken, som er basert på eit samleskjema frå kvar kommune, er det berre data om talet på bustader, eigeform, kor mange av bustadene som er leigde ut, og kor mange som er tilpassa rullestolbrukar. Det er ingen informasjon om husleige, bustadtype, byggjeår, storleik, antal rom eller andre kvalitetar og eigenskapar ved bustaden, eller om bustaden er bygd med støtte frå Husbanken.

Dette er viktig informasjon som trengst til vidareutvikling av statistikk og i analysar av tilbodet og bustadbehov. Opplysningane kan nyttast til vurderingar av kor eigna bustadmassen er til å møte utfordringane med ei aldrende befolkning eller for å kunne busetje fleire flyktningar. Slike data vil også gi meir innsikt om bustadene som blir rapporterte å ikkje vere leigde ut, gjennom KOSTRA. Tilgang på desse dataa vil gjere det mogleg å forbetre annan statistikk, som buforholdregisteret til SSB, der det for leigetakarane ikkje er nokon informasjon om dei som leiger kommunal bustad. Dagens KOSTRA-statistikk kan også utvidast og gi langt meir presis informasjon om bustadene og eigenskapar ved dei som ikkje er tilgjengelege i dag. Dette er viktig både for planlegging lokalt og nasjonalt som styringsinformasjon.

Det er også svært mangelfull informasjon om dei som søker og blir tildelte kommunal bustad. KOSTRA-data som ikkje er endelege, viser at 45 135 husstandar søkte om kommunal bustad i 2025, og 20 940 husstandar fekk tildelt bustad. For søkerane er det berre informasjon om talet på søkerar, og blant dei som blir tildelte bustader er det i tillegg opplysningar om kva målgruppe dei høyrer til, men målgruppene er ofte mangelfullt registrerte. Det er ingen annan informasjon om

husstandane eller kvifor dei har behov for kommunal bustad. Dette vil seie at det finst svært avgrensa informasjon om etterspurnaden etter og bruken av dei kommunalt disponerte bustadene. Det finst heller ingen informasjon om storleiken på husstanden, om det er ein einsleg person eller ein familie, om alder, inntekt, arbeid, busituasjon eller landbakgrunn. Sjølv om det i KOSTRA er opplyst kor mange flyktningar som er tildelte bustad, er det ingen data som seier kor mange av dei som til dømes er frå Ukraina. Husbanken kan derfor ikkje svare på spørsmål om bruken av kommunalt disponerte bustader og er avhengig av å gjennomføre egne spørjeundersøkingar.

Eit betre datagrunnlag om kommunalt disponerte bustader vil vere med på å sikre betre styringsinformasjon og avgjerdsgrunnlag, og det vil vere nyttig i den vidare utviklinga av verkemidla til Husbanken. Dette gjeld også evalueringar av verkemiddel, der eit auka kunnskapsgrunnlag vil vere med på å gjere det lettare å måle effektane, slik at ein kan endre og tilpasse tiltak etter behovet til brukarane. Det er også ein viktig føresetnad for kommunal planlegging for å møte noverande og framtidige bustadbehov for vanskelegstilte grupper i bustadmarknaden. I tillegg vil dette i stor grad lette rapporteringa for kommunane og gi Husbanken betre føresetnader for å følgje utviklinga og ta hand om kunnskapsrolla si.

Det er derfor behov for heimel til å handsame ulike personopplysningar. Dei vil i stor grad byggje på opplysningar som kommunane hentar inn gjennom sakshandsaminga av søknader om kommunal bustad. Mange opplysningar som blir tekne med i vurderinga i kvar enkelt sak, har mindre relevans for Husbanken og for statistikk og analyse. Opplysningane vil ta utgangspunkt i eit utval opplysningar som kommunane registrerer i fagsystemet. Dette gjeld opplysningar om husstanden, busituasjon, inntekt og målgruppe. Husbanken må ha tilgang til fødselsnummer for å kunne handsame og rette feil i rådata for vidare bruk til statistikk, analysar og forskning.

Dei eksisterande heimlane for handsaming av personopplysningar i husbanklova §§ 10 til 12 er ikkje dekkjande for desse formåla. Dei opplista opplysningskategoriane i reglane i dag omfattar likevel berre opplysningar som er nødvendige for å handsame og forvalte låne- og tilskotsordningane til Husbanken og ikkje alle opplysningane som blir henta inn i samband med kommunalt disponerte utleigebustader. Husbanklova § 10 gir dermed ikkje heimel for den tiltenkte handsaminga av personopplysningar i Husbanken.

Handsamingsformåla som er regulerte i husbanklova § 12 – statistikk, analyse, forskning, feilretting m.m. – er i utgangspunktet treffande for korleis Husbanken er tenkt å handsame opplysningar i samband med dei kommunalt disponerte utleigebustadene. Derimot er også husbanklova § 12 for snever fordi føresegna berre gir tilgang til å handsame opplysningane som er nemnde i husbanklova § 10 for desse formåla.

Departementet meiner derfor at det er behov for ytterlegare supplerande rettsgrunnlag som sikrar Husbanken heimel til å handsame alle relevante personopplysningar frå kommunal sakshandsaming i tilknytning til dei kommunale tilskota og kommunalt disponerte utleigebustader.

Husbanken drifrar og forvaltar Startskudd, som kommunane nyttar til å handsame startlån, og som ei overvekt av kommunane også brukar til å handsame dei kommunale tilskota. I tillegg drifrar og forvaltar Husbanken Kobo, som er eit system for søknadshandsaming, tildeling og administrering av kommunalt disponerte utleigebustader. Digitalisering og effektive sakshandsamingssystem er ønskjeleg både av samfunnsøkonomiske omsyn og av omsyn til rettstryggleiken for dei som søker om kommunale bustadpolitiske tilskot og kommunalt disponerte utleigebustader. Gode digitale verktøy, som blir haldne ved like og oppdaterte, er ein føresetnad for at det blir gjort rette vedtak,

og vil dermed komme dei registrerte til gode. I tillegg har Husbanken ei plikt til å sikre at personopplysningar som blir handsama, er korrekte, og testing og feilretting av systema er ein viktig del av å oppfylle denne plikta. Derfor meiner departementet det er behov for å klargjere at Husbanken kan bruke personopplysningar når det er nødvendig for testing, drift og utvikling.

5.3 Vurderingar og forslag frå departementet

5.3.1 Handsaming av personopplysningar frå kommunale bustadpolitiske verkemiddel

Departementet foreslår å leggje til ei ny føresegn i husbanklova om kva tilgang Husbanken har til å handsame personopplysningar frå kommunal sakshandsaming i tilknytning til kommunale bustadpolitiske verkemiddel, inkludert kommunale tilskot som nemnt i bustøttelova §§ 14 og 15 og kommunalt disponerte utleigebustader, til nærmare definerte formål. Med «kommunale bustadpolitiske verkemiddel» meiner ein verkemiddel kommunane nyttar i det bustadsosiale arbeidet. Opplistinga er meint å tydeleggjere sentrale verkemiddel og er ikkje uttømmende. Dette omfattar også økonomiske ytingar og tiltak som gjeld kartlegging og oppfølging av bustadbehov, jf. lov om ansvaret til kommunane på det bustadsosiale feltet. Kva for bustadpolitiske verkemiddel som er omfatta av føresegna, blir avgrensa nærmare i forskrift gitt i medhald av § 13.

Låne- og tilskotsordningane til Husbanken blir regulert av føresegnene i § 10, uavhengig av om det er Husbanken eller kommunen som står for sakshandsaminga. Dette er i samsvar med gjeldande rett. Kommunane handsamar i slike tilfelle personopplysningar som ledd i gjennomføringa av statlege ordningar, der Husbanken har det overordna forvaltningsansvaret.

Dette gjeld til dømes ordningar der Husbanken fastset rammene og stiller digitale løysingar til rådvelde, mens kommunen gjennomfører den konkrete handsaminga av søknader.

For kommunale bustadpolitiske verkemiddel som kommunen sjølv forvaltar, som kommunal bustøtte eller kommunalt tilskot til etablering og tilpassing, er det derimot behov for ei eiga føresegn som gir grunnlag for at Husbanken kan handsame opplysningar på tvers av desse verkemidla, jf. forslaget til ny § 13.

Departementet foreslår at føresegna blir teken inn som ny § 13 i husbanklova, og at gjeldande § 13 om ikraftsetjing og anna blir ny § 14.

5.3.1.1 Formål med handsaminga og rettsleg grunnlag

Den nye føresegna skal gi Husbanken supplerande rettsgrunnlag som dekkjer krava i personvernforordninga artikkel 6 nr. 1 bokstav e, jf. artikkel 6 nr. 3 (første ledd i forslaget til ny § 13). For at Husbanken skal kunne utøve den nasjonale kunnskapsrolla si, er det nødvendig at det supplerande rettsgrunnlaget dekkjer fleire formål. Husbanken har behov for å utarbeide statistikk, analysere og forske på bruken av bustadpolitiske verkemiddel, inkludert dei kommunale tilskota og kommunalt disponerte utleigebustader. Kva for bustadpolitiske verkemiddel det kan handsamast personopplysningar om etter føresegna, blir avgrensa nærmare i forskrift gitt i medhald av § 13. Data skal også gjerast tilgjengelege for kommunane til støtte i arbeidet sitt, til statistikk frå SSB og Husbanken, og til bruk i forskning.

5.3.1.2 Innhenting og omfang av opplysningar

Det første leddet til lovforslaget er meint å opne for at Husbanken kan samle inn opplysningane frå kommunane manuelt, automatisert eller gjennom ein kombinasjon av dette. Første ledd listar ikkje opp kva typar personopplysningar Husbanken kan samle inn og handsame, eller kva kategoriar av registrerte opplysningane kan gjelde. Opplysningstypar og kategoriar av registrerte er avgrensa til dei opplysningane som kommunane har samla inn og handsama i tilknytning til dei bustadpolitiske verkemidla, inkludert kommunale tilskot og kommunalt disponerte utleigebustader. Sjå lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet § 6 og forskrift om handsaming av personopplysningar på det boligsosiale feltet.

Lovforslaget er avgrensa til opplysningar kommunane handsamar «i samband med kommunale bustadpolitiske verkemiddel, medrekna kommunale bustadpolitiske ytingar og kommunalt disponerte utleigebustader», jf. forslaget til ny § 13 første ledd. For kommunalt disponerte utleigebustader vil det første leddet i føresegna omfatte opplysningar som kommunane handsamar for å kartleggje og vurdere om søkjaren skal få hjelp, det vil seie om søkjaren er vanskelegstilt på bustadmarknaden, og dessutan opplysningar som blir handsama for å kartleggje og vurdere om kommunalt disponert utleigebustad er eit eigna verkemiddel i det konkrete tilfellet. Forslaget inneber at Husbanken i alle tilfelle kan handsame personopplysningar som kommunane handsamar i Kobo. Men lovforslaget kan også gi Husbanken grunnlag for å handsame personopplysningar som ikkje finst i Kobo. Dette kan til dømes vere aktuelt der ein kommune ikkje brukar Kobo som sakshandsamingssystem, men likevel tilbyr utleigebustader til vanskelegstilte. Kva opplysningar som kan hentast inn, vil uansett vere avgrensa til opplysningane som er lista opp i ny forskrift § 9 og dermed vere dei same opplysningstypane som kan hentast inn gjennom Kobo.

5.3.1.3 Opplysningstypar og registrerte

Dette vil typisk gjelde søkjaren, det vil seie den som ber om bistand, og dessutan ektefellen, sambuaren, barna og/eller andre husstandsmedlemmer. Opplysningane vil mellom anna omfatte opplysningar om økonomiske forhold som inntekt, formue og gjeld, og dessutan opplysningar om buforhold og husstandstilhøyrse. Opplysningane kan også handle om meir sensitive sosiale og helsemessige forhold, slik som at medlemmer av husstanden på søknadstidspunktet har status som flyktningar, har behov for tilrettelagd bustad, har psykiske lidningar eller er rusmiddelavhengige. Dette er opplysningar som kommunane rapporterer til SSB gjennom KOSTRA.

5.3.1.4 Særskilde kategoriar av personopplysningar

Nokre av opplysningane som er nemnde ovanfor, er omfatta av særlege kategoriar av personopplysningar, som definert i personvernforordninga artikkel 9 nr. 1. I tillegg vil kommunane også måtte handsame opplysningar om straffedommar og lovbrot, som regulert i personvernforordninga artikkel 10, for å utføre oppgåvene og forpliktingane sine i samband med kommunalt disponerte utleigebustader. Det er ikkje nødvendig for Husbanken å samle inn og handsame alle desse opplysningane for å oppfylle den nasjonale kunnskapsrolla si. Nokre av opplysningane vil vere relevante for Husbanken. Dette gjeld til dømes opplysningar om behov for tilrettelagd bustad, om personen det gjeld, bur i institusjon eller mellombels butilbod. Husbanken har berre behov for å samle inn opplysningar på individnivå om kva målgruppe kommunen har oppgitt for individet. Kommunane rapporterer tildelingar av kommunal bustad til KOSTRA på målgruppe, mellom anna talet på husstandar med rusproblem og psykiske lidningar.

For dei kommunale bustadpolitiske tilskota vil ny § 13 første ledd omfatte opplysningar som kommunane handsamar for å handsame og forvalte bustadpolitiske ytingar. Formuleringa «kommunale bustadpolitiske ytingar» er meint å innebere at Husbanken i alle tilfelle kan handsame personopplysningar som kommunane handsamar om tilskot til etablering og tilskot til tilpassing, men lovforslaget kan også gi Husbanken grunnlag for å handsame personopplysningar frå andre og framtidige kommunale bustadpolitiske ytingar. Dette kan til dømes vere nye tilskotsordningar eller allereie eksisterande ordningar, som kommunal bustøtte. I slike tilfelle trengst det uansett ei forskriftsending, fordi forskriftsforslaget til ny § 8 berre er meint å dekkje kommunale tilskot til etablering og tilpassing.

For å sikre at Husbanken får eit best mogleg datagrunnlag over nasjonal bruk av tilskota presiserer vi at Husbanken kan handsame opplysningane frå dei nemnde tilskota som allereie finst i Startskudd, men også hente inn og handsame opplysningar som ikkje finst i Startskudd. Dette kan til dømes vere aktuelt i dei kommunane som ikkje handsamar tilskota i Startskudd, men likevel handsamar og tildeler tilskota. Kva opplysningar som kan handsamast, vil uansett vere avgrensa til opplysningane som er opplista i ny forskrift § 8 og dermed vere dei same opplysningstypene som kan hentast inn gjennom Startskudd.

Forslaget til første ledd i ny § 13 i husbanklova skal gi grunnlag for å handsame relevante og nødvendige særlege kategoriar av personopplysningar, jf. personvernforordninga artikkel 9 nr. 2 bokstav g. Bokstav g føreset at den nasjonale retten som gir grunnlag for handsaminga av særlege kategoriar av personopplysningar, skal stå i eit rimeleg forhold til det målet ein søker å oppnå, samsvare med det grunnleggjande innhaldet i retten til vern av personopplysningar og sikre eigna og særlege tiltak for å verne dei grunnleggjande rettane og interessene til den registrerte. Departementet foreslår å ta inn ei uttrykksleg tilvising til personvernforordninga artikkel 9 for å unngå tvil om at slike opplysningar er omfatta.

I tillegg foreslår departementet i første ledd siste punktum å presisere at Husbanken må sikre at handsaminga er underlagd personverngarantiar i samsvar med personvernforordninga artikkel 89 nr. 1, og at Husbanken ikkje handsamar personopplysningane dersom Husbanken i det konkrete tilfellet kan oppnå formålet med handsaminga ved bruk av anonyme opplysningar. Dette skal fremje prinsippa om formålsavgrensing og dataminimering i tråd med personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b og bokstav c. Forordninga artikkel 89 nr. 1 omtaler mellom anna vitenskapleg og historisk forskning og statistiske formål, men ikkje analysar. Føresegna må derfor brukast analogisk når Husbanken skal handsame personopplysningane for analyseformål.

5.3.1.5 Vidarehandsaming og forholdet til formålsavgrensing

Forslaget til ny § 13 inneber som nemnt at Husbanken skal kunne handsame dei personopplysningane som kommunane har nytta i sakshandsaminga si av kommunale bustadpolitiske verkemiddel, inkludert bustadpolitiske ytingar og kommunalt disponerte utleigebustader. Dei aktuelle personopplysningane vil med andre ord opphavleg vere innsamla for andre formål enn Husbanken har, nemleg for at kommunane skal kunne oppfylle oppgåvene og forpliktingane sine på det bustadsosiale feltet. Dersom Husbanken brukar om att personopplysningane, vil det, slik departementet vurderer det, kunne stri mot innsamlingsformålet. Utgangspunktet etter formålsavgrensingsprinsippet i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav b er som nemnt at vidarehandsaming på ein måte som ligg utanfor formåla, er forbode. Samtidig opnar personvernforordninga artikkel 6 nr. 4 for slik motstridande vidarehandsaming

dersom Husbanken har særskilt rettsleg grunnlag for sjølve vidarehandsaminga. Første ledd i lovforslaget er meint å gi Husbanken slikt særskilt grunnlag for vidarehandsaminga ved at det blir presisert at opplysningar som stammar frå kommunal sakshandsaming av kommunale bustadpolitiske verkemiddel, skal kunne samlast inn og på annan måte (vidare)handsamast av Husbanken med dei definerte formåla.

5.3.1.6 Handsaming til test, drift og utvikling

Slik det tidlegare er gjort greie for, vil Husbanken i utgangspunktet opptre som datahandsamar for kommunane når dei skal nytte dei digitale systema til Husbanken i samband med tilskota (Startskudd) og kommunalt disponerte utleigebustader (Kobo) i sakshandsaminga si. Husbanken har likevel i nokre tilfelle behov for å handsame personopplysningane på tvers av dei ulike kommunane for å teste, drifte og utvikle IT-systema. Husbanken treng tilgang til produksjonsdata, inkludert personopplysningar, for å drifte og utvikle systemet. I nokre tilfelle vil feil kunne bli oppdaga og gjenskapte i eit testmiljø som ikkje inneheld produksjonsdata. I desse tilfella er det ikkje nødvendig å handsame personopplysningar, og det er ikkje nødvendig med rettsleg grunnlag. I andre tilfelle er det nødvendig å bruke produksjonsdata, og følgjeleg også personopplysningar, til testing, feilsøking og feilretting. Slik departementet ser det, er det nærliggjande å rekne Husbanken som handsamingsansvarleg for slike formål. Departementet foreslår derfor å presisere i andre ledd i lovforslaget at Husbanken kan handsame personopplysningane som nemnt i det første leddet i lovforslaget når det må til for å teste, drifte eller utvikle IT-systema til Husbanken. Med utvikling er det sikta til at Husbanken skal kunne bruke opplysningane for å skaffe innsikt i korleis løysinga blir brukt, og vidareutvikle løysinga basert på denne innsikta. I tråd med dataminimeringsprinsippet i personvernforordninga artikkel 5 nr. 1 bokstav c foreslår departementet å presisere at personopplysningar berre kan nyttast til desse formåla dersom formåla ikkje kan oppnåast ved å bruke anonyme eller fiktive opplysningar.

5.3.1.7 Personvernkonsekvensar og proporsjonalitet

Lovforslaget vil ha personvernkonsekvensar for individa som søker om kommunale bustadpolitiske verkemiddel, inkludert bustadpolitiske ytingar og kommunalt disponert utleigebustad, og dessutan husstandsmedlemmene deira. Opplysningane som lovforslaget skal gi Husbanken rettsleg grunnlag for å handsame, vil allereie vere samla inn og handsama av kommunane. Personverninngrepet knyter seg altså primært til at personopplysningane blir delte frå kommunane til Husbanken, og at dei blir nytta til andre formål enn dei opphavleg blei samla inn for. Dei registrerte vil utgjere mange individ, og opplysningane Husbanken kan samle inn i medhald av lovforslaget, kan innehalde eit breitt spekter av informasjon, mellom anna om sensitive sosiale og helsemessige forhold. Samtidig er ikkje formålet med innsamlinga til Husbanken å handsame opplysningar på individnivå. Husbanken skal til dømes ikkje bruke opplysningane til kontrollformål, men til allmennyttig forskning, statistikk og analysar. Forsking og statistikk er formål som både personvernforordninga og personopplysningslova anerkjenner som legitime vidarehandsamingsformål. Når Husbanken gjennomfører analysar, er det heller ikkje eit mål i seg sjølv, men dei skal danne grunnlag for innsikt og kunnskap om tilskota og kommunalt disponerte bustader som bustadpolitiske verkemiddel. Kommunane treng også slike data som styringsinformasjon, for behovskartleggingar og for å kunne samanlikne seg med andre kommunar. Det er dermed ein klar samanheng mellom den opphavlege innsamlinga til

kommunane av opplysningane til sakshandsamingsformål, og det at Husbanken deretter samlar inn og nyttar desse opplysningane til å utarbeide forskning, statistikk og analysar av verkemidla i bustadpolitikken.

Lovforslaget § 13 andre ledd inneber også at Husbanken skal kunne bruke opplysningane til testing, drift og utvikling av IT-systema sine. For å avgrense personverninngrepet skal likevel berre personopplysningar brukast dersom formålet ikkje kan oppnåast ved bruk av anonyme eller fiktive personopplysningar. Departementet er av den oppfatninga at sjølv om lovforslaget vil innebere eit personverninngrep for individa som søker om kommunale verkemiddel, og husstandsmedlemmene deira, er dette inngrepet rimeleg basert på samfunnsnytta av handsaminga, den klare samanhengen med det opphavlege innsamlingsformålet og personverngarantiane forslaget stiller opp.

5.3.2 Teieplikt etter forvaltningslova

Fleire av opplysningane frå kommunal sakshandsaming i samband med kommunale bustadpolitiske verkemiddel, inkludert bustadpolitiske ytingar og kommunalt disponerte utleigebustader vil vere omfatta av teieplikt for personlege forhold etter forvaltningslova § 13 første ledd nr. 1. Når Husbanken samlar inn slike opplysningar, vil det innebere ei utlevering av teiepliktige opplysningar frå kommunane til Husbanken, sjølv om Husbanken teknisk sett allereie skulle ha tilgang til opplysningane gjennom dei digitale systema sine. For at slik utlevering av teiepliktige opplysningar skal vere lovleg utan samtykke frå den som opplysningane gjeld, må det liggje føre eit unntak frå teieplikta.

Det er i tilfellet unntaket i forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5 som kan komme til bruk. Denne føresegna gir høve til å gi andre forvaltningsorgan opplysningar som er nødvendige for å fremje oppgåvene til avgivarorganet etter lov, instruks eller oppnemningsgrunnlag. Spørsmålet er derfor om det må til for å fremje oppgåvene i kommunane å gi Husbanken tilgang til opplysningane.

Hos Woxholth: *Forvaltningsloven. Kommentarutgave* (2011), note 7 til § 13b heiter det:

Adgangen etter første ledd nr 5 til å gi andre organer andre opplysninger enn om persons forbindelse med organet og avgjørelser som er truffet, er som nevnt avhengig av om det fremmer avgiverorganets oppgaver. En ytterligere begrensning ligger i lovens forutsetning om at det bare er nødvendige opplysninger som kan gis. Dette forutsettes å skulle være en reell begrensning i adgangen til å utveksle ellers taushetspliktbelagte opplysninger i forvaltningen. Isolert sett er det også riktig. Bestemmelsen er til hinder for at organer som ønsker opplysningen, men som ikke sitter med den, får den overført (uten at det er nødvendig for å fremme avgiverorganets interesser). Nødvendighetskriteriet er i praksis ikke tolket særlig strengt, i tilfelle der det er nær og saklig sammenheng mellom avgiverorganet og mottagerorganets virksomhet, jfr jnr 2906/97E (se petitavsnittet foran) og jnr 2921/93E (se petitavsnittet foran).

Det må kunne leggjast til grunn at det er ein nær og sakleg samanheng mellom det bustadsosiale arbeidet i kommunane og oppgåvene til Husbanken med å støtte opp under arbeidet i kommunane. Også arbeidet til Husbanken med forskning, statistikk og analysar må seiast å ha ein slik nær og sakleg samanheng med det bustadsosiale arbeidet i kommunen. Slik departementet oppfattar det, må derfor teiepliktige opplysningar frå kommunal sakshandsaming av kommunale bustadpolitiske verkemiddel lovleg kunne utleverast frå kommunen til Husbanken med heimel i forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5.

Ettersom det av personopplysningsrettslege grunnar likevel blir foreslått eit supplerande rettsgrunnlag i husbanklova, reknar departementet med at det kan vere nyttig å skrive uttrykkjeleg i forslaget til ny § 13 første ledd at opplysningane kan givast utan hinder av teieplikt. På den måten vil føreseigna vere av ein art som blir omtalt i forvaltningslova § 13 f andre ledd, og ein unngår uvisse om bruken av § 13 b første ledd nr. 5.³

5.3.3 Teieplikt etter særlovgiving

I ein del lover var det tidlegare noko strengare reglar for slik informasjonsflyt mellom organ enn det som følgjer av den alminnelege regelen i forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5. Det gjaldt mellom anna lov av 16.6.2006 nr. 20 om arbeids- og velferdsforvaltningen § 7 første ledd tredje punktum, lov av 18.12.2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 44 tredje ledd og lov 24.6.2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. § 12-1 tredje ledd. Ved endringslov av 18.6.2021 nr. 127 blei desse føresegnene endra slik at den alminnelege føreseigna i forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5 kom til bruk; sjå nærmare i Prop. 166 L (2020–2021) *Endringer i forvaltningsloven m.m. (utvidet adgang til informasjonsdeling)*.

Tilgangen til å utveksle teiepliktige opplysningar er derfor ikkje lenger strengare enn den alminnelege regelen i forvaltningslova § 13 b første ledd nr. 5, sjølv om det dreier seg om opplysningar som er omfatta av til dømes helse- og omsorgstenestelova eller sosialtenestelova. Det er derfor ikkje nødvendig med noka særskild regulering av utlevering av teiepliktige opplysningar frå kommunane til Husbanken sjølv om utlevering skjer med utgangspunkt i teiepliktreglane i særlovgivinga.

6 Samanstilling med opplysningar frå den andre verksemda til Husbanken

6.1 Gjeldande rett

Bustøtte er ei statleg støtteordning for personar som har låge inntekter og høge buutgifter. Bustøtte er regulert i bustøttelova. Staten dekkjer utgiftene til bustøtte, og Husbanken og kommunane administrerer bustøtteordninga, jf. bustøttelova § 7 første og andre ledd. Husbanken har det overordna ansvaret for ordninga, mens kommunane er førstelinje. Kommunen registrerer og førebur sakene, mens Husbanken gjer vedtaka. Husbanken handsamar personopplysningar om søkjarar og husstandsmedlemmene deira i samband med vedtaksprosessen. Mellom anna blir søknaden supplert med opplysningar frå ei rekkje offentlege register.

³ I ny forvaltningslov vil § 34 (ikkje sett i kraft) vere aktuelt heimelsgrunnlag for deling av opplysningar frå kommunen til Husbanken.

Bustøttelova §§ 8 til 8 c gir føresegner om innsamling og anna handsaming av personopplysningar og andre opplysningar.⁴ Paragraf 8 første ledd slår fast at Husbanken og kommunane utan hinder av teieplikt kan påleggje ei rekkje aktørar å gi opplysningar som er nødvendige for å kontrollere om vilkåra for å få bustøtte er oppfylte eller har vore oppfylte i tilbakelagde periodar. Andre ledd i føresegna regulerer tilgangen til å gi forskrift om og i enkelttilfelle samtykkje til at opplysningane frå bustøtteregisteret kan bli brukte av andre offentlege styresmakter. Vidare regulerer bustøttelova § 8 a at Husbanken kan gjere masseinnhentingar av opplysningar til kontrollformål, og § 8 b handlar om gjennomføringa av masseinnhenting. Paragraf 8 c handlar om innhenting av opplysningar frå tredjeperson. Første ledd i føresegna slår mellom anna fast at Husbanken på nærmare vilkår kan påleggje alle som kan ha informasjon som er eigna til å opplyse saka, å gi opplysningar som er nødvendige for å avdekkje eller avgrense urettmessig utbetaling av bustøtte. Andre ledd i føresegna handlar om informasjonsplikt.

Bustøttelova har ikkje føresegner som regulerer samanstilling av opplysningar Husbanken handsamar i samband med bustøtte, med opplysningar som blir handsama i samband med låne- og tilskotsordningane til Husbanken, kommunale tilskot eller utleige av kommunalt disponerte bustader.

Startlån er regulert i kapittel 5 i forskrift om lån fra Husbanken, med heimel i husbanklova §§ 1, 8 og 10. Startlån skal bidra til at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde han, jf. forskrift om lån fra Husbanken § 5-1. Ordninga inneber at Husbanken gir lån til kommunane, og kommunane gir vidare utlån til enkeltpersonar, jf. forskrifta § 5-2. Tilsvarande som for bustøtte har Husbanken ei overordna rolle, og kommunane handterer sakshandsaminga vis-à-vis enkeltpersonane.

Forskrift om lån fra Husbanken har ikkje føresegner som regulerer samanstilling av opplysningar som Husbanken handsamar i samband med startlån, med opplysningar som blir handsama i samband med bustøtte, kommunale tilskot eller utleige av kommunalt disponerte bustader.

Slik det er gjort greie for i punkt 3.1, inneheld husbanklova § 12 første ledd heimel for at Husbanken kan handsame personopplysningar «som er nemnde i § 10» når det må til for å utarbeide statistikk og analysar. Husbanklova § 10 handlar om innsamling og handsaming av personopplysningar i samband med tilskot og lån. Andre punktum i føresegna presiserer at det same gjeld kommunane, og at dei kan gi opplysningane til Husbanken. Husbanklova § 12 første ledd gir dermed kommunane grunnlag for å dele og Husbanken grunnlag for å samle inn opplysningar som nemnt i husbanklova § 10 for statistikk- og analyseformål. Tilsvarande gir husbanklova § 12 andre ledd første punktum Husbanken grunnlag for å lagre opplysningane som er nemnde i § 10, for seinare bruk i forskning.

6.2 Behovet for endring

Bustøtte og startlån er blant dei viktigaste personretta verkemidla for å nå måla i bustadpolitikken. Det er ein tydeleg samanheng mellom startlån, bustøtte, kommunale tilskot og utleige av kommunalt disponerte bustader. I mange tilfelle blir desse verkemidla nytta i kombinasjon. Dei

⁴ Prop. 74 L (2025–2026), som blei fremja for Stortinget 27. mars 2026, inneheld forslag til endringar i bustøttelova om behandling av personopplysningar og automatiserte avgjerder. Formålet med endringsforslaga er mellom anna å gjere det tydeleg kva for personopplysningar Husbanken og kommunane kan handsame.

som bur i kommunalt disponerte utleigebustader, er ei viktig målgruppe også for bustøtte og startlån. Bustøtte er som nemnt ei ordning basert på rettar som skal hjelpe personar med låg inntekt og høge buutgifter med å dekkje utgiftene sine, og ein stor del av dei som bur i kommunalt disponerte utleigebustader, får også bustøtte. Mange kommunar jobbar aktivt med å få leigetakarar i kommunalt disponert bustad over i eigde bustader. Då er startlånet eit viktig verkemiddel.

For å betre kunne forstå korleis desse verkemidla fungerer på tvers og over tid, har Husbanken behov for å samanlikne personopplysningar om bustøtte frå bustøtteregisteret og opplysningar som blir henta inn og handsama i samband med startlån, med opplysningar frå kommunale tilskot og kommunalt disponerte utleigebustader, jf. forslag til ny husbanklov §§ 10 og 12. Det vil vere opplysningar frå sakshandsamingsverktøyet Startskudd, men også oppdaterte opplysningar og forvaltningsdata om startlån, som nemnt i kapittel 4.2. Behovet ligg i å gjennomføre analysar og leggje til rette for forskning som ser på bruken av bustøtte blant leigetakarar i kommunalt disponerte bustader, altså samanhengen mellom bustøtte og utleige av kommunalt disponerte bustader. Aktuelle opplysningar vil vere bustadinformasjon, husstandsopplysningar og inntekt, formue og gjeld. Husbanken vil til dømes ønskje å vurdere kvifor ein del av leigetakarane i kommunalt disponerte bustader får statleg bustøtte, og dessutan korleis ordninga treffer, og korleis ho kan utviklast vidare. I tillegg er det behov for å kunne gjennomføre analysar og kunne gjennomføre forskning for å finne samanhengar mellom utleige av kommunalt disponerte bustader og startlån. Husbanken ønskjer også å sjå på korleis bustøtte og startlån verkar saman og påverkar kvarandre, og å avdekkje omfanget av vanskelegstilte som fell utanfor begge desse ordningane. Dette er i tråd med samfunnsoppdraget til Husbanken om å førebyggje at folk blir vanskelegstilte på bustadmarknaden, og medverke til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad.

6.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår å presisere i forslag til ny husbanklova § 12 siste ledd at departementet kan gi forskrift om korleis Husbanken kan handsame personopplysningar, inkludert samanstilling av opplysningar. Formålet med forslaget er å gi Husbanken tydeleg rettsleg grunnlag for å samanlikne personopplysningar som stammar frå bustøtte og startlån, og dessutan å sjå desse ordningane i samheng med kommunale bustadpolitiske tilskot og kommunalt disponerte utleigebustader.

Vidare foreslår departementet ei ny forskriftsføresegn som nærmare definerer rekkjevidda av samanstillinga. Forslaget til ny forskrift om Husbankens handsaming av personopplysningar § 9 seier at Husbanken kan samanlikne personopplysningar som er samla inn med grunnlag i ny husbanklov § 12 første ledd, med andre personopplysningar Husbanken har grunnlag for å handsame. Formålet med samanstillinga må vere eit formål som definert i ny husbanklov § 12 første ledd. Forskriftsføresegna skal med andre ord gi rettsleg grunnlag for sjølv samanstillinga og vidare bruk av dei samanlikna opplysningane til forskning, statistikk og analysar innanfor rammene av ny husbanklov § 12 første ledd. Vidare må samanstillinga skje i samsvar med resten av vilkåra i ny husbanklov § 12 første ledd, inkludert nødvendige personverngarantiar i tråd med personvernforordninga artikkel 89 nr. 1. Departementet vurderer at det no ikkje er behov for å samanlikne slike opplysningar for formåla som er definerte i ny husbanklov § 12 andre ledd.

I første omgang vil det vere aktuelt å samanlikne opplysningar som gjeld kommunalt disponerte utleigebustader, med opplysningar som Husbanken har samla inn og handsamar i samband med startlån og bustøtte. Forslaget til ny § 9 i forskrifta regulerer ikkje det rettslege grunnlaget for at

Husbanken i utgangspunktet kan handsame opplysningar i tilknytning til startlån og bustøtte. Paragraf 9 regulerer berre samanstilling og vidare bruk av allereie innsamla opplysningar om startlån og bustøtte til formåla som er definerte i ny husbanklov § 12 første ledd.

Forskriftsforslaget vil ha personvernkonsekvensar for individa som søker om kommunalt disponert utleigebustad, og husstandsmedlemmene deira. Forslaget vil innebere at Husbanken samanliknar ulike sett av personopplysningar som Husbanken har samla inn og handsamar i samband med ulike bustadpolitiske ytingar og verkemiddel. Fordi det handlar om personopplysningar som Husbanken allereie har lovleg grunnlag for å handsame, vil personverninnngrepet ved forslaget knyte seg til samanstilling og vidare bruk av personopplysningane til nye formål. Det er ein klar samanheng mellom dei bustadpolitiske verkemidla bustøtte, startlån og utleige av kommunalt disponerte bustader. Formålet med samanstillingane er dessutan å utarbeide data til forskning og analysar på aggregert nivå, og ikkje individnivå. Opplysningane skal til dømes ikkje brukast til å ta avgjerder om enkeltpersonar eller til kontrollformål. Samla sett må derfor personverninnngrepet ved forskriftsforslaget reknast som rimeleg sett i lys av formålet føresegna skal oppnå.

Vidare foreslår departementet ei ny forskriftsføresegn som nærmare definerer rekkjevidda av samanstillinga. Forslag til ny forskrift om Husbankens handsaming av personopplysningar § 10 seier at Husbanken kan samanlikne personopplysningar som er samla inn med grunnlag i ny husbanklov § 10 første og 13 første ledd, med andre personopplysningar Husbanken har grunnlag for å handsame. Formålet med samanstillinga må vere eit formål som definert i ny husbanklov § 12 første ledd og 13 første ledd. Forskriftsføresegna skal med andre ord gi rettsleg grunnlag for sjølve samanstillinga og vidare bruk av dei samanlikna opplysningane til forskning, statistikk og analysar innanfor rammene av ny husbanklov §§ 12 og 13 første ledd. Vidare må samanstillinga skje i samsvar med resten av vilkåra i ny husbanklov §§ 12 og 13 første ledd, inkludert nødvendige personverngarantiar i tråd med personvernforordninga artikkel 89 nr. 1. Departementet vurderer at det på noverande tidspunkt ikkje er behov for å samanlikne slike opplysningar for formåla som er definerte i ny husbanklov § 13 andre ledd.

I første omgang vil det vere aktuelt å samanlikne opplysningar som gjeld startlån, med opplysningar som Husbanken har samla inn og handsamar i samband med bustøtte. Føresegna er likevel meint å dekkje alle opplysningar Husbanken har heimel til å handsame, inkludert personopplysningar frå kommunale tilskot og kommunalt disponerte utleigebustader. Forslaget til ny § 10 i forskrifta regulerer ikkje det rettslege grunnlaget for at Husbanken i utgangspunktet kan handsame opplysningar, men regulerer handsamingsaktiviteten samanstilling og vidare bruk av allereie innsamla opplysningar til formåla i ny husbanklov § 12 første ledd og § 13 første ledd.

Forskriftsforslaget vil ha personvernkonsekvensar for individa som søker om kommunalt disponert utleigebustad, og husstandsmedlemmene deira. Forslaget vil innebere at Husbanken samanliknar ulike sett av personopplysningar som Husbanken har samla inn og handsamar i samband med ulike bustadpolitiske ytingar og verkemiddel. Fordi det handlar om personopplysningar som Husbanken allereie har lovleg grunnlag for å handsame, vil personverninnngrepet ved forslaget knyte seg til samanstilling og vidare bruk av personopplysningane til nye formål. Det er ein klar samanheng mellom dei bustadpolitiske verkemidla bustøtte, startlån og utleige av kommunalt disponerte bustader. Formålet med samanstillingane er dessutan å utarbeide data til forskning og analysar på aggregert nivå, og ikkje individnivå. Opplysningane skal til dømes ikkje brukast til å ta avgjerder om enkeltpersonar eller

til kontrollformål. Samla sett må derfor personverninngrepet ved forskriftsforslaget reknast som rimeleg sett i lys av formålet føreseigna skal oppnå.

7 Forskriftsheimel og forskrift

7.1 Gjeldande rett

Husbanklova gir departementet tilgang til å gi nærmare reguleringar av verksemda til Husbanken på ulike område. Mellom anna kan departementet etter husbanklova § 1 siste ledd gi forskrifter om verksemda og verkemidla til Husbanken. Husbanklova § 10 siste ledd slår fast at departementet kan gi nærmare forskrifter om tilgangen Husbanken og kommunane har til å hente inn og handsame personopplysningar. Departementet kan også gi nærmare føresegner om utlevering av personopplysningar frå Husbanken til bruk i forskning i samsvar med forvaltningslova § 13 d, jf. husbanklova § 12 andre ledd siste punktum.

7.2 Behovet for endringar

Departementet vurderer det som tenleg å innføre ein ny forskriftsheimel som direkte regulerer korleis Husbanken kan handsame personopplysningar. Sjølv om det allereie finst fleire forskriftsheimlar, går departementet ut frå at dei ikkje fullt ut dekkjer behovet for å regulere handsaminga av personopplysningar på ein tilfredsstillande måte. Det er derfor behov for tydelegare heimlar for dette formålet.

7.3 Vurderingar og forslag frå departementet

Departementet foreslår forskriftsheimlar i husbanklova §§ 10, 12 og 13 som gir nærmare reglar for handsaminga av personopplysningar i Husbanken og kommunane i samband med utføringa av oppgåver etter husbanklova. Forslaget skal gjere dette klarare og meir føreseieleg ved å gi rom for nærmare regulering innanfor rammene av §§ 10 og 12, og dessutan den foreslåtte nye § 13 i husbanklova.

Formålet med forskrifta, som fastsett i § 1, er å sikre ei tydeleg ramme for handsaming av personopplysningar og å gjere handsaminga føreseieleg både for dei handsamingsansvarlege og dei registrerte. Ved å regulere dette i forskrift blir også krava i personvernforordninga om spesifikke og rettmessige formål med handsaming oppfylte.

For å klargjere rettsgrunnlaget foreslår departementet i **forskrifta § 2** ei føresegn som presiserer at reglane i personopplysningslova gjeld for handsaming i samsvar med husbanklova og denne forskrifta. Dette gjer det tydeleg at Husbanken og kommunane følgjer det gjeldande personvernregelverket, inkludert reglar om tilgang, oppbevaring, informasjonsplikt og sletting, slik at rettane til dei registrerte blir innfridde fullt ut.

Det er også foreslått å fastsetje i **forskrifta § 3** at Husbanken og kommunane er handsamingsansvarlege for personopplysningar ved utføring av oppgåvene sine etter husbanklova og tilhøyrande forskrifter. Dette gir tydelege retningslinjer om ansvarsforhold og plikter i samsvar med personvernforordninga, som forpliktar dei handsamingsansvarlege til å overhalde prinsipp som ansvarskjensle og dokumentasjon. Det er viktig å understreke at ansvaret for handsaminga av personopplysningar kan variere avhengig av kva delar av ordningane som blir utførte av høvesvis

Husbanken og kommunane. Til dømes har Husbanken handsamingsansvar for søknader om startlån, mens kommunen er handsamingsansvarleg for sakshandsaming og forvaltning av desse ordningane. I slike tilfelle vil Husbanken kunne opptre som datahandsamar for kommunen. Det er derfor utforminga av oppgåvene slik dei er skildra i lov og tilhøyrande forskrifter, som avgjer kven som er handsamingsansvarleg.

Når det gjeld formåla med handsaminga, foreslår departementet at dei blir spesifiserte i **forskrifta § 4**. Denne føresegna seier at Husbanken og kommunen kan handsame personopplysningar for spesifikke, uttrykkjeleg definerte og rettmessige formål, inkludert sakshandsaming og forvaltning av låne- og tilskotsordningane til Husbanken, utarbeiding av statistikk, analysar og forskning, og dessutan testing, drift og utvikling av IT-system. Ved å spesifisere formåla i forskrifta blir det rettslege grunnlaget for handsamingsaktivitetane tydeleg, og det blir lagt til rette for at handsaminga kan skje i tråd med prinsippa om formålsavgrensing, nødvendighet og føreseielege forhold. Dette gir Husbanken og kommunane klare rammer for utføring av oppgåvene sine på ein effektiv og forsvarleg måte, samtidig som personvernet til dei registrerte blir teke hand om, og dei får større tryggleik og forståing for korleis opplysningane deira blir handsama.

Departementet reknar det som nødvendig å spesifisere kva typar personopplysningar som kan handsamast, og dette er foreslått i **§ 5 i forskrifta**. Opplysningane som er nemnde i § 5, er i utgangspunktet ei vidareføring av gjeldande rett, der opplistinga tidlegare har vore ein del av husbanklova § 10 første ledd. Ved å flytte opplistinga til forskrifta vil departementet få større fleksibilitet til å gjennomføre nødvendige endringar ved behov, samtidig som det bidreg til å samle alle føresegner om personvern på éin stad. Dette gir betre oversikt og legg til rette for ein meir einskapleg bruk av regelverket.

Sjølv om dei fleste opplysningane som er førte opp i § 5, fører vidare gjeldande rett, omfattar forslaget også nokre element som krev nærmare vurdering. Dette gjeld spesielt innføringa av «opplysningar om helse og sosiale tilhøve» i bokstav i, «forvaltningsdata» i bokstav d og «statsborgarskap» i bokstav g.

Opplysningar som Husbanken og kommunen hentar inn frå arbeids- og velferdsforvaltninga, skatteetaten eller andre offentlege organ, kan vere opplysningar som skal reknast som særlege kategoriar av personopplysningar. Dette kan til dømes vere opplysningar om at søkjaren får sosiale ytingar eller uføretrygd. Opplysningar om helse hentar Husbanken og kommunane i utgangspunktet berre inn frå søkjaren sjølv. Departementet foreslår derfor å eksplisitt nemne helseopplysningar i forskrifta, for å gjere det tydeleg at desse opplysningane kan hentast inn og handsamast. Helseopplysningar som blir henta inn direkte frå søkjaren, vil typisk vere opplysningar som er nødvendige for å avgjere om søkjaren høyrer til ein kategori som skal prioriterast, som til dømes personar med utviklingshemming, eller om det er andre forhold ved helsa til søkjaren eller husstandsmedlemmer som påverkar den økonomiske situasjonen til søkjaren.

«Forvaltningsdata» omfattar opplysningar som lån, lånevilkår, innfriingar, mishald og tap, inkludert opplysningar om inkasso og tvangssal. Opplysningane bidreg til eit heilskapleg bilete av økonomiske forhold og er nødvendige for å sikre ei forsvarleg låneforvaltning. Sjølv om slike opplysningar i stor grad har vore dekte av § 10 første ledd bokstav d «andre opplysningar om økonomiske tilhøve», er det eit behov for å gjere dette tydelegare for å sikre meir presis bruk og forståing.

Forvaltningsdata er nødvendige for at Husbanken skal kunne vurdere effekten av startlånsordninga, sikre at ho blir forvalta i tråd med formåla sine, og tilpasse ordninga etter endringar i bustadmarknaden. Dette gjer det mogleg for Husbanken å utarbeide statistikk og analysar som bidreg til å forbetre og utvikle verkemiddel som treffer dei reelle behova i samfunnet.

Når det gjeld statsborgarskap, er dette foreslått for å kunne vurdere opphaldsløyve og tilknytning til Noreg når det er nødvendig. Husbanken har allereie heimel til å hente inn «opplysningar om opphaldsløyve og opphaldrett, og bakgrunnen for gjevne løyve og rettar» etter husbanklova § 10 første ledd bokstav g. Inkluderinga av statsborgarskap kan ein derfor sjå på som ei presisering av eksisterande praksis for å tydeleggjere kva for opplysningar som er relevante for vurderingane. Dette er nødvendig for å sikre at dei som blir omfatta av låne- og tilskotsordningane, har den nødvendige rettslege tilknytninga til landet.

Departementet vurderer at inkluderinga av desse opplysningstypane er nødvendige for å kunne utføre ei forsvarleg sakshandsaming og forvaltning, i samsvar med prinsippa om nødvendighet og dataminimering, som er fastsette i personvernforordninga.

Departementet vurderer at det er behov for å tydeleggjere at Husbanken kan hente inn forvaltningsopplysningar om startlån direkte frå kommunane og låneforvaltarane til kommunane. For å sikre dette foreslår departementet eit nytt andre ledd i § 5, som presiserer denne tilgangen.

I dag må Husbanken hente inn samtykkje frå alle kommunane for å få tilgang til slike opplysningar. Dette skjer gjennom ei avtalebasert ordning som er tidkrevjande, lite effektiv og ikkje eigna for å etablere påliteleg nasjonal statistikk. Ved å gi Husbanken eit klart rettsleg grunnlag til å hente inn forvaltningsdata direkte frå kommunane eller låneforvaltarane deira, vil ein leggje til rette for ei meir effektiv og heilskapleg tilnærming til analyse og rapportering på nasjonalt nivå.

Denne presiseringa sikrar at Husbanken kan utarbeide relevante statistikkar og analysar som er nødvendige for å vurdere effekten av startlånet og forvaltning på ein måte som oppfyller nasjonale bustadpolitiske mål.

Etter den gjeldande husbanklova § 10 sjuande ledd kan kommunen og Husbanken hente inn og handsame nødvendige opplysningar om andre husstandsmedlemmer. Denne tilgangen er ført vidare i forslaget til ny § 10 tredje ledd, som presiserer at tilgangen omfattar nødvendige opplysningar om andre husstandsmedlemmer. For å styrkje personvernet og gjere handsaminga meir føreseieleg foreslår departementet i **forskrifta § 6** at det blir gjort tydeleg kva for personar dette gjeld. Dette omfattar personar som inngår i husstanden til søkjaren, inkludert ektefelle, sambuar, barn og andre husstandsmedlemmer. Handsaminga av opplysningar om desse personane er nødvendig for å kunne vurdere søknaden, særleg fordi vurderinga byggjer på samla økonomi, buforhold og behov i husstanden. Ved å forskriftsfeste dette blir forholda opnare og klarare for dei registrerte, og det vil bidra til ei meir personvernvennleg regulering.

Departementet vurderer at det er tenleg å spesifisere i forskrifta kva personopplysningar frå andre kjelder enn den kommunale sakshandsaminga som Husbanken kan handsame, i samband med eigne låne- og tilskotsordningar. Føresegna skal regulere heimelen Husbanken har til å hente inn oppdaterte opplysningar, i tråd med den foreslåtte § 12 i husbanklova. Dette gjeld oppdaterte opplysningar frå eksterne kjelder som folkeregisteret, skattestyresmaktene og Eigedomsregisteret, som er nødvendige for formåla statistikk, forskning og analysar.

Forskrifta § 7 inneheld ei uttømmende liste over kva opplysningar som kan hentast inn og handsamast når det må til for å oppfylle formåla i husbanklova § 12 første ledd. Dette inkluderer opplysningar som namn, adresse og kontaktinformasjon, fødselsnummer og d-nummer, inntekt, formue og gjeld, tidlegare og noverande bustad og buforhold, og dessutan arbeidsforhold. Det blir foreslått i andre ledd at opplysningar også kan hentast inn for husstandsmedlemmer når dette er nødvendig for å oppnå dei nemnde formåla. Denne reguleringa sikrar ei tydeleg ramme for innhenting og handsaming av oppdaterte opplysningar frå eksterne kjelder, samtidig som personvernprinsipp som nødvendigeheit og dataminimering blir teke hand om.

Departementet vurderer det som nødvendig å spesifisere i forskrifta kva personopplysningar Husbanken kan handsame frå kommunale bustadpolitiske tilskot. Dette skal sikre eit tydeleg rettsleg grunnlag for handsaminga, samtidig som det gir klare rammer for kva opplysningar som kan handsamast. Formålet er å støtte arbeidet til Husbanken med kunnskapsutvikling, forskning og analyse, og dessutan å sikre at handsaminga skjer i tråd med personvernprinsippa om nødvendigeheit og dataminimering.

Forslaget til **forskrifta §§ 8 og 9** presiserer kva for personopplysningar Husbanken kan handsame i samsvar med heimelen i husbanklova § 13. Forskrifta avgrensar dermed kva for bustadpolitiske verkemiddel det kan handsamast opplysningar om.

Forslaget til **§ 8 i forskrifta** inneheld ei uttømmende liste over personopplysningar som Husbanken kan handsame i samband med kommunale bustadpolitiske tilskot. Føresegna skal gi Husbanken eit klart rettsleg grunnlag for å handsame nødvendige opplysningar i tråd med formåla som er definerte i husbanklova § 13. Ved å forskriftsfeste kva opplysningar som kan handsamast, legg ein til rette for ei konsistent og føreseieleg handsaming, som gir større openheit for dei registrerte og styrkjer personvernet. Dette bidreg til eit kunnskapsgrunnlag som styrkjer tilskotsordningane og det bustadsosiale arbeidet, samtidig som det legg til rette for ein meir målretta innsats på nasjonalt nivå.

Lista inkluderer mellom anna opplysningar om namn, kontaktinformasjon, kundenummer, reservasjonsstatus for digital post, kontonummer, målform og fødselsnummer. Vidare omfattar ho opplysningar som inntekt, formue, skatt og gjeld, og dessutan opplysningar om offentlege ytingar, arbeidsforhold, statsborgarskap, opphaldsløyve og buforhold, sosiale forhold og utdanning. Lista samsvarer med personopplysningane som kan handsamast i låne- og tilskotsordningane til Husbanken, som spesifisert i forskrifta § 5, jf. forslag til ny husbanklov § 10. Dette kjem av at tilskota i mange tilfelle blir handsama saman med startlån, i sakshandsamingssystemet Startskudd, noko som bidreg til ein heilskapleg og effektiv administrasjon av ordningane.

Forslaget til **§ 9 i forskrifta** presiserer kva for personopplysningar Husbanken kan handsame i samsvar med heimelen i husbanklova § 13. Føresegna inneheld ei uttømmende liste over opplysningar som kan handsamast, inkludert opplysningar om fødselsnummer, søknadstype (ny søknad eller forlenging av leigeforhold) og vedtak (innvilga eller avslått). Vidare omfattar lista opplysningar om husstandssamansetnad, gjennomsnittleg inntekt, bustadkommune, busituasjon på søkjetidspunktet, bustadtype det blir søkt om, og dessutan bustad- og bygningsopplysningar. Lista inkluderer også opplysningar om leigekontrakt og husleige, statsborgarskap, opphaldsløyve og brukargrupper som definert i KOSTRA. Bustad- og bygningsopplysningar omfattar mellom anna matrikkel-ID, gards- og bruksnummer, bygningstype, storleik, antal rom, ulike bustadkvalitetar og tilgjenge.

Formålet med å forskriftsfeste kva opplysningar som kan handsamast, er å gi Husbanken tydelege rettslege rammer og eit klart rettsleg grunnlag for å handsame nødvendige data til forskning, statistikk og analyse. Spesifiseringa av kva opplysningar som kan handsamast, bidreg til at handsaminga blir utført i tråd med prinsippa om nødvendighet og dataminimering. Dette gir større openheit og føreseielegheit for dei registrerte og styrkjer personvernet ved å gjere det tydeleg kva for opplysningar som kan handsamast.

Ved å forskriftsfeste desse opplysningane får Husbanken eit tydeleg og avgrensa rettsleg grunnlag for handsaming av personopplysningar som er nødvendig for å oppnå formåla i husbanklova § 13. Dette bidreg til å sikre at handsaminga skjer i tråd med prinsippa om nødvendighet og dataminimering, samtidig som det gjer handsaminga meir open og føreseieleg for dei registrerte. Forskriftsfestinga styrkjer dermed personvernet og legg til rette for at Husbanken kan støtte det bustadsosiale arbeidet i kommunane på ein effektiv måte, og bidra til eit heilskapleg kunnskapsgrunnlag som kan forbetre tilskotsordningane og det bustadsosiale arbeidet generelt.

Departementet foreslår også å gi Husbanken tilgang til å samanlikne personopplysningar frå ulike kjelder, som regulert i § 10. Denne tilgangen gjer det mogleg å utføre heilskapelege analysar som er nødvendige for å utarbeide meiningsfylte rapportar og statistikk, i tråd med husbanklova § 12.

Vidare foreslår departementet i **forskrifta § 10** ei føresegn som nærmare definerer rekkjevidda av samanstillinga. Forslaget seier at Husbanken kan samanlikne personopplysningar som er samla inn med grunnlag i ny husbanklov § 10 og § 13 første ledd, med andre personopplysningar Husbanken har grunnlag for å handsame. Formålet med samanstillinga må vere eit formål som definert i ny husbanklov § 10 og § 13 første ledd. Forskriftsføresegna skal med andre ord gi rettsleg grunnlag for sjølve samanstillinga og vidare bruk av dei samanlikna opplysningane til forskning, statistikk og analysar innanfor rammene av ny husbanklov § 10 og § 13 første ledd. Vidare må samanstillinga skje i samsvar med resten av vilkåra i ny husbanklov § 10 og § 13 første ledd, inkludert nødvendige personverngarantiar i tråd med personvernforordninga artikkel 89 nr. 1. Departementet vurderer at det no ikkje er behov for å samanlikne slike opplysningar for formåla som er definerte i ny husbanklov § 13 andre ledd.

Til slutt foreslår departementet at **forskrifta § 11** fastset ikraftsetjinga av forskrifta, slik at gjennomføringa kan tilpassast etter behov. Dette gir fleksibilitet til å innføre reglane på ein måte som sikrar ein smidig overgang og tilpassing for alle involverte partar.

Departementet meiner at forskrifta vil gi Husbanken og kommunane klare og effektive rammer for handsaming av personopplysningar. Samtidig blir det sikra at handsaminga skjer innanfor ramma av gjeldande regelverk, og at rettane til dei registrerte blir tekne hand om på ein trygg og ansvarleg måte.

8 Økonomiske og administrative konsekvensar

Lov- og forskriftsforslaga vil gi betre og klarare rammer for korleis Husbanken handsamar personopplysningar i det bustadsosiale arbeidet, og bidra til at krava til personvern blir haldne. Ved å etablere tydelege og føreseielege rammer for kva opplysningar Husbanken kan handsame, blir det også lagt til rette for meir effektivitet i arbeidsprosessar, sakshandsaming og evaluering av ordningane. Reguleringa kan vidare leggje til rette for utvikling av digitale løysingar som er tilpassa arbeidet på feltet og dei opplysningane kommunane har behov for å handsame.

Departementet legg til grunn at lov- og forskriftsforslaga hovudsakleg vil få økonomiske og administrative konsekvensar for Husbanken. Eventuelle meirutgifter i samband med forslaget vil bli dekte innanfor dei gjeldande budsjettammene. Husbanken har allereie i samband med bustøtte og Kobo etablert tekniske løysingar og inngått avtalar for automatisert utveksling av data med kommunane, skatteetaten og andre relevante aktørar. Derfor vil dei økonomiske og administrative konsekvensane for kommunane og statlege aktørar som gir informasjonstilgang, vere svært avgrensa.

Endringane vil også kunne gi effektiviseringsgevinstar i form av redusert behov for manuell innhenting og handsaming av opplysningar, både for kommunane og Husbanken. Dette kan bidra til meir effektiv ressursbruk og betre utnytting av eksisterande data. Samtidig kan endringane påverke gjeldsinformasjonsføretak ved at dei ikkje lenger kan ta betalt for gjeldsinformasjonen som endringane omfattar. Omfanget av slike verknader er usikkert og vil mellom anna avhenge av faktisk bruk og volum.

For å skaffe til vegar forvaltningsdata for startlånet vil Husbanken etablere løysingar som minimerer dei økonomiske og administrative konsekvensane for kommunane. For kommunar som nyttar Intrum som låneforvaltar, er dette allereie gjennomført og vil ikkje krevje nokon innsats frå kommunane. For kommunar som forvaltar låna sjølve eller nyttar andre låneforvaltarar, må det derimot utviklast ei løysing for datafangst. Ansvar for utviklinga av slike løysingar ligg hos Husbanken, men det kan ha visse administrative konsekvensar for kommunane og eksterne låneforvaltarar å skulle tilgjengeleggjere data. Dette vil vere av avgrensa økonomisk storleik. Rapporteringa som blir gjort om startlånsbruken til kommunane i dag, er manuell og ressurskrevjande for alle involverte partar. Ved å få til ei god automatisk løysing vil rådgivinga bli betre, fordi data i større grad vere tidsrette, i staden for at dei blir oppdaterte éin gong årleg. I tillegg vil ein få færre feil enn ved ei manuell rapportering. I sum vil dette kunne gi ei innsparing både for kommunane og Husbanken på sikt.

Inkluderinga av Gjeldsregisteret som kjelde vil krevje tilpassingar av dei tekniske løysingane for å integrere gjeldsregistersøk i sakshandsamingssystema. Dette vil innebere utviklingsressursar og oppfølging, men vil også gi store effektivitetsgevinstar ved å sikre raskare tilgang til nødvendige opplysningar utan økonomisk belastning. I tillegg vil det sikre rette opplysningar.

Ved innføring av gratis gjeldsregistersøk må også kostnadene til utsending av gjenpartsbrief vurderast, fordi dette kan utgjere ein stor del av utgiftene. Det er organet som bestiller oppslaget, som må bere utgiftene, sjølv om oppslaget skjer gjennom Startskudd. For Startlån vil det i hovudsak vere kommunane som får utgiftene til gjenpartsbrief, sidan dei er kreditor overfor søkjarane.

Kommunane har plikt til å rapportere til KOSTRA om bruk og forvaltning av kommunale bustader. Gjennom bruk av Kobo vil kommunane oppnå klare gevinstar ved store forenklingar ved innrapporteringa til SSB, utarbeiding av statistikk og analysar. Det vil likevel vere behov for noko arbeid med omarbeiding og tilrettelegging av data.

Departementet kan ikkje sjå at forslaget i seg sjølv vil ha økonomiske og administrative konsekvensar av negativ art.

9 Lov- og forskriftsforslag

9.1 Forslag til lovendringar

I lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken blir det gjort følgjande endringar:

Ny § 10. *Handsaming av personopplysningar i samband med tilskot og lån frå Husbanken*

Husbanken og kommunen kan utan hinder av teieplikt handsama personopplysningar, medrekna personopplysningane som er nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når dette er nødvendig for å utføra oppgåver etter lova her.

Husbanken og kommunen kan utan hinder av teieplikt henta inn nødvendige opplysningar frå

- a. søkjaren sjølv
- b. offentlege register og anna offentleg styresmakt, medrekna skattestyresmaktene, innkrevingsstyremakta og folkeregisterstyresmakta, kontakt- og reservasjonsregisteret, arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret, Kartverket og arbeids- og velferdsforvaltninga
- c. arbeidsgjevarar, utdanningsinstitusjonar, forsikringsselskap, eigedomsmeklarar, finansinstitusjonar, selskap som tilbyr kredittvurderingar, båtregister og tilbydarar av posttenester
- d. gjeldsinformasjonsføretak

Opplysningar frå arbeids- og velferdsforvaltninga om sosiale tilhøve skal så langt som mogleg innhentast i samarbeid med søkjar eller slik at vedkommande har kjennskap til innhentinga.

Tilgangen til å handsama opplysningar etter denne føresegna gjeld også naudsynte opplysningar om andre husstandsmedlemmer.

Den som blir pålagd å gje opplysningar i medhald av paragrafen her, kan ikkje krevja godtgjering.

Departementet kan gje forskrift om handsaming av personopplysningar, medrekna kva for opplysningstypar Husbanken kan handsama, kva for personar Husbanken kan handsama opplysningar om, og innhenting, samanstilling og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn den kommunale sakshandsaminga.

Ny § 12. *Handsaming av personopplysningar for forskning, statistikk og analysar mv.*

Husbanken og kommunane kan utan hinder av teieplikt handsama opplysningar som er henta inn i medhald av denne lova, medrekna personopplysningane som er nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og 10, når det er naudsynt for forskning, statistikk og analysar for føremåla i husbankloven § 1. Husbanken kan henta inn opplysningane frå kommunane. Handsaminga skal vera underlagd garantiar som nemnt i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1.

Husbanken kan lagra dei opplysningane som er nemnde i § 10, til seinare bruk i forskning. Departementet kan gje nærare føresegner om utlevering av personopplysningar frå Husbanken til bruk i forskning i samsvar med forvaltningsloven § 13 d.

Husbanken kan handsama dei personopplysningane som er nemnde i fyrste leddet, når det er naudsynt for å testa, drifta eller utvikla IT-systema til Husbanken, men berre dersom det er umogleg eller uforholdsmessig vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruka anonyme eller fiktive opplysningar.

Husbanken kan henta inn og handsama oppdaterte opplysningar som nemnt i § 10 når det er naudsynt for føremåla som er nemnde i fyrste leddet.

Departementet kan gje forskrift om handsaming for føremåla som er nemnde i fyrste og tredje leddet, medrekna kva for opplysningstypar Husbanken kan handsama, kva for personar Husbanken kan handsama opplysningar om, og innhenting, samanstilling og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn den kommunale sakshandsaminga.

Ny § 13. Innhenting og handsaming av personopplysningar i samband med kommunale bustadpolitiske verkemiddel

Husbanken kan utan hinder av teieplikt handsama opplysningar frå kommunal sakshandsaming i samband med kommunale bustadpolitiske verkemiddel, medrekna kommunale bustadpolitiske ytingar og kommunalt disponerte utleigebustader. Husbanken kan handsama personopplysningane som er nemnde i personvernforordninga artikkel 9 og artikkel 10, når det er naudsynt for forskning, statistikk og analysar for føremåla i § 1. Handsaminga skal vera underlagd garantiane som er nemnde i personvernforordninga artikkel 89 nr. 1.

Husbanken kan handsama dei personopplysningane som er nemnde i fyrste leddet, når det er naudsynt for å testa, drifta og utvikla IT-systema til Husbanken, dersom det er umogleg eller urimeleg vanskeleg å oppnå føremålet ved å bruka anonyme eller fiktive opplysningar.

Departementet kan gje nærare føresegner om handsaming for føremåla som er nemnde i fyrste og andre leddet, medrekna kva for opplysningstypar Husbanken kan handsama, kva for personar Husbanken kan handsama opplysningar om, og innhenting, samanstilling og anna handsaming av personopplysningar frå andre kjelder enn den kommunale sakshandsaminga.

9.2 Forslag til forskrift

Forskrift om handsaming av personopplysningar i Husbanken

Heimel: Fastsett av Kommunal- og distriktsdepartementet [dato] med heimel i lov 29. mai 2009 nr. 30 om Husbanken §§ 10, 12 og 13.

§ 1 Verkeområde

Forskrifta gir nærmare reglar for handsaming av personopplysningar av Husbanken og kommunen når dei utfører oppgåvene etter lov om Husbanken.

§ 2 *Forholdet til personopplysningslova*

Reglane i personopplysningslova om handsaming av opplysningar, inkludert tilgang, oppbevaring, informasjonsplikt og sletting, gjeld for opplysningar som blir handsama etter reglane i lov om Husbanken og forskrifta her.

§ 3 *Handsamingsansvarleg*

Husbanken og kommunen er ansvarleg for handsaming av personopplysningar ved utføring av oppgåvene sine etter lov om Husbanken og denne forskrifta.

§ 4 *Formålet med handsaminga av personopplysningar*

Husbanken og kommunen kan handsama personopplysningar til spesifikke, uttrykkjeleg definerte og rettmessige formål, inkludert

- a. sakshandsaming og forvaltning av låne- og tilskotsordningane til Husbanken
- b. utarbeiding av statistikk, analysar og forskning
- c. test, drift og utvikling av IT-system

§ 5 *Handsaming av personopplysningar frå låne- og tilskotsordningane til Husbanken*

Når det er nødvendig for å utføre oppgåvene som er nemnde i lov om Husbanken § 10, kan Husbanken og kommunen handsama personopplysningar om følgjande forhold:

- a. namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse, kundenummer og reservasjonsstatus for digital post, kontonummer, målform og fødselsnummer
- b. eventuell verje og den rettslege handleevna til søkjaren i økonomiske forhold
- c. inntekt, formue, skatteutrekning og gjeld, inkludert opplysningar om offentlege ytingar og stønader
- d. andre økonomiske forhold, inkludert forvaltningsdata om startlån
- e. arbeidsforhold og utdanninga til søkjaren
- f. statsborgarskap, opphaldsløyve og opphaldsrett, og bakgrunnen for gitte løyve og rettar
- g. bustad og buforhold
- h. helse og sosiale forhold

Husbanken kan hente inn opplysningane som er nemnde i bokstav d, frå kommunane og låneforvaltaren til kommunane.

§ 6 *Opplysningar om andre husstandsmedlemmer*

Tilgangen til å handsama opplysningar som er definerte i § 5, gjeld også nødvendige opplysningar om

- a. ektefellen eller sambuaren til den som søker

- b. barn, inkludert barn med delt bustad eller samværsrett, og fosterbarn, eller barn av ektefellen eller sambuaren til søkeren
- c. foreldre, forsørgjarar, fosterforeldre eller personar med foreldreansvar for den som søker
- d. andre husstandsmedlemmer med innverknad på den økonomiske situasjonen til den som søker

§ 7 Handsaming av oppdaterte personopplysningar frå låne- og tilskotsordningane til Husbanken

Når det er nødvendig for å oppfylle formåla i husbanklova § 12 første ledd, kan Husbanken utan hinder av teieplikt hente inn og handsama oppdaterte personopplysningar frå andre kjelder enn den kommunale sakshandsaminga om

- a. adresse og kontaktinformasjon, fødselsnummer og d-nummer
- b. inntekt, formue og gjeld
- c. tidlegare og noverande bustad og buforhold
- d. arbeidsforhold

Tilgangen til å handsama opplysningane som er nemnde i første ledd, gjeld nødvendige opplysningar om søkeren og husstandsmedlemmene til vedkommande. Husbanken kan hente inn opplysningane etter første ledd i inntil eitt år etter kalenderåret då lånet blir avslutta.

§ 8 Handsaming av personopplysningar frå kommunale tilskot til etablering og tilskot til tilpassing

Når det er nødvendig for å oppnå formåla som er nemnde i lov om Husbanken § 13, kan Husbanken handsama personopplysningar frå kommunalt tilskot til etablering og tilskot til tilpassing, som nemnt i lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot §§ 14 og 15, om følgjande forhold:

- a. namn, adresse, telefonnummer, e-postadresse, kundenummer og reservasjonsstatus for digital post, kontonummer, målform og fødselsnummer
- b. eventuell verje og den rettslege handleevna til søkeren i økonomiske forhold
- c. inntekt, formue, skatteutrekning og gjeld, inkludert opplysningar om offentlege ytingar og stønader
- d. andre økonomiske forhold, inkludert forvaltningsdata
- e. arbeidsforhold og utdanninga til søkeren
- f. statsborgarskap, opphaldsløyve og opphaldsrett, og bakgrunnen for gitte løyve og rettar
- g. bustad og buforhold
- h. helse og sosiale forhold

§ 9 Handsaming av personopplysningar frå kommunalt disponerte utleigebustader

Når det er nødvendig for å oppnå formåla som er nemnde i lov om Husbanken § 13, kan Husbanken handsama personopplysningar frå kommunalt disponerte utleigebustader om følgjande forhold:

- a. fødselsnummer
- b. søknadstype
- c. vedtak
- d. opplysningar om husstandssamansetnad
- e. gjennomsnittleg inntekt
- f. bustadkommune
- g. busituasjon på søkjetidspunktet
- h. bustadtype det blir søkt om
- i. leigekontrakt og husleige
- j. opplysningar om statsborgarskap og opphaldsløyve
- k. brukargrupper som definert i KOSTRA
- l. bustad- og bygningsopplysningar

§ 10 *Samanstilling av personopplysningar*

Husbanken kan samanstille personopplysningar som er samla inn etter husbanklova §§ 10 og 13, med andre personopplysningar Husbanken har grunnlag for å handsama. Dei samanstilte opplysningane kan nyttast til dei formåla og på dei vilkåra som er definerte i husbanklova § 12 første ledd og 13 første ledd.

§ 11 *Ikraftsetjing*

Forskrifta blir sett i kraft frå den tid departementet fastset.